



HJELMELAND
KOMMUNE

HJELMELAND NATURLEGGVIS!

KOMMUNEPLAN 2019-2031

PLANSKILDING

m/ samla KU/ROS Arealdelen

DOK A



JUSTERT FORSLAG pr 25.2.2019 FRÅ RÅDMANNEN TIL

2gongsbehandling



Innhald

1 Innleiing	1
1.1 Oversikt over kva som inngår i planpakken.....	1
1.2 Kva er ein kommuneplan.....	2
2 Planprosess.....	3
2.1 Politisk forankring – arbeid med planstrategi og planprogram	3
2.2 Arbeid med sjølvve plandokumentet.....	4
3 Skildring og vurdering av alternative strategiar	5
3.1 Skildring	5
3.2 Alternative strategiar	6
3.3 Val av strategi:	7
4 Planomtale.....	9
4.1 Nærare om samfunnsdelen (Dokument B)	9
4.1.1 Om grunnleggjande rammer (kapittel 3).....	9
4.1.2 Om Visjon og hovudmål (kapittel 4).....	11
4.1.3 Om satsingsområda (kapittel 5)	12
4.2 Nærare om Arealdelen (dokument C1 og 2)	12
4.2.1 Føringer til ny arealdel:	12
4.2.2 Sentrumsprosjekt Hjelmeland – Vågen 360.....	21
5 Konsekvensutgreiing av kommuneplanens arealdel.....	22
5.1 KU/ROS av enkeltinnspel.....	22
5.2 Grov oversikt over endringar i arealdelen.....	23
5.3 Verknad av dei samla arealbruksendringane i planforslaget.	24
5.3.1 Vurdering etter formål	24
5.3.2. Vurdering etter tema.....	29
5.3.4 Oppsummering – planens verknad for miljø og samfunn.	34
6 Tilleggsdokumenta (Dokument D1 og D2)	35
7 Bakgrunnsdokumenta (resten).....	35

8 Logg for medverknadsprosessen Prosess og medvedverknad i samband med
kommuneplanrevisjonen..... 37

1 Innleiing

1.1 Oversikt over kva som inngår i planpakken

«Sjølve planen» ved 1.gongsbehandling:

- A. Planskildring (prosess og prioriteringar)
- B. Kommuneplan samfunnsdel
- C. 1 Kommuneplanen arealdel med føresegner og kart
- C. 2 Kommuneplanen arealdel – arealkart for Hjelmeland sentrum – *kjem seinare, etter sentrumsanalysen*

Tilleggsdokument:

- D. 1: Konsekvensanalyse, risiko og sårbarheitsvurdering nye innspel 2017. Tilråding frå rådmann. D1 er delt i to delar pga storleik på dokument.
- D. 2: Konsekvensanalyse og ROS for det som ligg i planen frå før

Bakgrunnsdokument

- E. Heilskapleg ROS-analyse henta frå beredskapsplanverket
- F. Alle innspel innkomne til varsel om oppstart 2017
- G. Barnetråkkundersøking
- H. Ungdomsundersøking (messengerundersøking 40 ungdomar 16-26 år)
- I. Frivilligstrategi (utkast pr. 13.11.17) og rapport utforma av Frivillighet Norge.
- J. Kommunedelplan RV13 Tysdal – Årdal
- K. Plan for kulturminne/kulturarv
- L. Sentrumsstatus 2017 (Leva Urban Design)
- M. Friluftskartlegging (prosjekt i samarbeid med Rogaland fylkeskommune)
- N. Folkehelsekartlegginga for Hjelmeland
- O. Utkast til ladestruktur Sør-Rogaland 2017
- P. Klimarapport for Hjelmeland 2010
- Q. Næringslivsundersøking Hjelmeland 2017
- R. Befolkningsutvikling og kjøpekraft i Hjelmeland

Dokumentpakka ved 2.gongsbehandling:

SJØLVE PLANEN:

- A. Planskildring – litt justert utgåve i høve til vassdirektivet
- B. Kommuneplan Samfunnsdel – justert forslag etter høyring
- C1 Tekstdel Arealplan – justert forslag etter høyring
- C2 Plankart – Visualiserte endringar ift høyringsutkast

TILLEGGSDOKUMENT

- D3. Vurderingar av innkomne merknader frå høyringsrunde - tabell
- D4. Supplerande KU/ROS gjeld nye innspel, LNF-spreidd bustad og nye akvakulturområde
- D5. Vurdering akvakultur: planframstilling og avklaring nye område - notat
- D6. Vurdering byggegrense i sjø - notat
- D7. Vurdering Nordskår - notat

MERKNADER

F2 Merknader til ordinær høyring vår 2018

F3 Merknader til nye innspel - tilleggshøyring haust 2018

Dette du les no er dokument A – Planskildringa.

1.2 Kva er ein kommuneplan

Ein kommuneplan er ein plan for kommunen som samfunn, og skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver (plan og bygningsloven paragraf 11-1). Ein kommuneplan består både av ein samfunnsdel (sjå plan og bygningsloven paragraf 11-2), og ein arealdel (paragraf 11-5).

Hjelmeland kommune valde i september 2016 å revidera gjeldande kommuneplan frå 2011, både arealdel og samfunnsdel (jamfør vedtak av kommunal planstrategi september 2016)

Plan og bygningsloven paragraf 11-2 (utdrag):

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategiar skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Plan og bygningsloven paragraf 11-5 (utdrag)

Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.



Over: Frå grendamøte på Fister september 2017. Under: Frå folkemøte om nye ferjestøer på Jøsneset okt 17



2 Planprosess

2.1 Politisk forankring – arbeid med planstrategi og planprogram

Kommuneplanen for Hjelmeland vart sist revidert sommar/haust 2011. Fem år seinare (september 2016) vedtok inneverande kommunestyre (valde for perioden 2015-2019) at kommuneplanen skulle reviderast. Dette skjedde, etter ein prosess vinter/vår 2016), ved vedtak av kommunal planstrategi 2016-2020, kommunestyresak 59/16.

Bestillinga frå kommunestyret var ein avgrensa revisjon av arealdelen, kombinert med ein ny samfunnsdel som skal gi sterkare prioriteringar, og også innehalda økonomiske målsettingar.

Arbeidet gjekk vidare seinhaustes 2016 med utarbeiding av planprogram med prosess for utgreiing og medverknad. Våren 2017 var det gjennomført høyring av planprogrammet, og arrangert temavise større møte med frivillig sektor og med næringslivet. Det vart også gjennomført regional plandialog i møte mellom kommune og statleg/regionale styresmakter.

Visjon, hovudmål og satsingsområde vart breitt drøfta gjennom denne prosessen som enda opp med vedtak i sak om fastsetjing av planprogram for kommuneplanrevisjonen, sak 44/17 i kommunestyret i juni 2017.

2.2 Arbeid med sjølve plandokumentet

I starten på juli 2017 vart det kunngjort oppstart av arbeidet med sjølve plandokumentet, og invitert til innspel. Fristen vart sett til slutten av september. Dei to fyrste veke av september vart det gjennomført åtte grendemøte i samarbeid med lokale bygdaråd, for å informera om planarbeidet og for å invitera til innspel. Fleire kommunestyrepolitikarar valde også å prioritera å delta på desse møta, der diskusjonen gjekk breitt rundt borda om kva satsingsområda kunne bety lokalt, og kva som var viktig for bygda å spela inn i den vidare prosessen.

Parallelt med møteverksemda har det vore arbeidd med utgreiingar i tråd med planprogrammet: Barnetråkk, registrering av område nytta til friluftsliv, sentrumsprosjekt, frivilligprosjekt, klimaskog, heiltidskultur med meir. Det er ikkje gjennomført eigen bustadanalyse, men bustadbehov har vore tema i arbeidet på anna vis.

Kommunesenteret er ein av Rogaland fylke sine fire tettstadspilotar, og sentrumsprosjektet har både stått på egne bein og vore ein del av kommuneplanarbeidet. Gjennomføring av sentrumsanalyse gjer at arealdel for sentrum vert ferdigstilt seinare enn resten av planen.

Det grønne skiftet er kome nær, både gjennom nasjonale krav, og lokalt til dømes gjennom Statens vegvesen si satsing på hydrogenelektrisk ferjetilbod over Jøsenfjorden.

Det er også denne gongen kome mange innspel til planarbeidet, både samfunnsdel og arealdel. Desse er systematiserte i dok D1, sjå oppsett over dei ulike delane som inngår i revidert plan.

Planprogrammet la opp til behandling i kommunestyret før jul 2017. Det viste seg å bli for hektisk, i staden vart høyringsutkastet endeleg fastsett gjennom behandling i areal og forvaltningsutvalet 4.1, formannskapet 10.1 og kommunestyret 30.1.18.

I etterkant:

30.01.2018: kommunestyret vedtar at kommuneplanforslaget skal leggjast ut til høyring

Februar-mai 2018: planforslaget er ute til høyring, 65 merknader herunder ein god del **motsegner**

20.06.2018, sak 35/18 : kommunestyret vedtar at samfunnsdelen blir lagt til grunn for årets budsjettbehandling

26.06.2018, sak 48/18: Formannskapet ga signal ift motsegner til arealdelen og nye innspel.

24.08.2018: arbeidsmøte med Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Kystverket om motsegnpunkta.

31.08.2018: Politisk drøftingsmøte med FM, RKF og Kystverket om motsegnpunkta

04.09.2018: Kommunestyret hadde temamøte om reiseliv + synfaring med buss i kommunen.


26.09.2018: Politisk behandling i Formannskapet sak 66/18 og Kommunestyret 44/18 : tok konkret stilling til motsegnpunkt og til nye innspel, som er førande for framlegging av denne sak:

3 Skildring og vurdering av alternative strategiar

3.1 Skildring

Skildring av kommunen og utfordringar er gjort i planstrategien frå 2016. Kortversjonen er at Hjelmeland er ein levande kommune med mange naturgitte ressursar og lågt folketal. Kommunen har gjennom mange år opplevd stor inn og utflytting (rundt 5% årleg). Ein aukande del av befolkninga har innvandringsbakgrunn, hovudsakleg arbeidsinnvandring av unge menneske frå Europa (Polen, Tyskland og Litauen). Dette bidreg til å halda folketalet oppe og gjennomsnittsalderen nede. På landsbasis er innvandringa på veg ned, dette kan også få konsekvens for Hjelmeland.

Folketal og innvandring i Hjelmeland




Figur over henta frå bakgrunnsdokument R «Befolkningsutvikling i Hjelmeland».

I perioden 1986-2017 har gjennomsnittsalderen i Hjelmeland steget med 2,5 år, fra 37,6 til 40,1 år. Endringen for Rogaland i samme periode er 34,3 – 37,3 år – en økning på tre år.

Kommunen har eit stort og aktivt næringsliv særleg knytt til biologisk produksjon (landbruk/havbruk) og byggeråstoff. Kommunen er ein stor leverandør av fornybar energi via Lyse, Ulla Førre og masse småkraftverk.

Andel sysselsatte per næringsområde, Hjelmeland og Rogaland, 2016



Tabellen over er henta frå bakgrunnsdokument R og viser fordeling av sysselsett i Hjelmeland. Eit særtrekk for vår kommune er at ein langt større del av befolkninga enn elles i Rogaland er sysselsette i primærnæringane. Under «bergverk» er medrekna tilsett i oljenæringa. Det er det få av hjå oss.

Gjennom arbeidet med planstrategi og planprogram har ein drøfta framtida med styrke, svakheit, muligheit og trugsmål:

Stikkord styrke: Frivillig sektor, næringsliv, engasjement, naturressursar, kulturarv, dyktige folk, tilflytting, offentleg apparat

Stikkord svakheit: Sårbarheit, klimatilpassing, økonomi, fiber, elnett, kommunalt etterslep vedkomande vedlikehald/fornyning.

Stikkord muligheiter: Ryfast og andre større investeringar i infrastruktur, kommunen som utviklingsaktør, tilflytting, inkludering, digital utvikling

Stikkord trugsmål: Økonomi, fråflytting, folketal, oppretthalda levande bygder, naturskadepotensiale.

3.2 Alternative strategiar

Kommunen har gjennom arbeidet med kommunereform, planstrategi og planprogram teke ein del strategiske val. Ein kan oppsummera dette som arbeid med val mellom ulike alternativ for framtida. Alternativa det har blitt arbeidd med kan i korte trekk formulerast slik:

A Bli større/slå seg saman

Det er fordeler og ulemper ved å bli større. Ein større kommune har eit større apparat å spela på, men avstandane kan bli store på fleire måtar. Kommunen gjennomførte 2015-2017 prosess om mogleg kommunesamanslåing i ytre Ryfylke.

Konklusjonen etter to folkeavrøystingar vart at ein valde å halda fram som eigen kommune.

B Følgja SSB

SSB sine folketalsprognosar seier ein svak nedgang i folketalet fram mot 2040. Med færre folk og ein større del eldre totalt sett, ville strategien vore å bygga ut eldretenesta og sentralisera folk og funksjonar. Færre folk gir mindre inntekspotensiale, og mindre å spela på i høve til attraktive bumiljø.

Folketalsprognosane har ikkje teke høgde for at Ryfast kjem på plass allereie i 2019. Kommunestyret har uttrykt tydeleg at etablering av Ryfast representerer eit stort potensiale, jfr røynsle frå andre kommunar i Rogaland som har fått ferjefritt fastlandssamband. Dette potensialet er ikkje innarbeidd i SSB sine prognosar. .

C Satsa på Ryfast og fornying

Ryfast kortar vegen til Stavanger vesentleg. Kombinert med betre kollektivløysingar og digitale løysingar, og med tiltak som bygger under det grønne skiftet, gir dette framtidsvyar. Når ein i tillegg opplever eit næringsliv som satsar, og eit stort lokalt engasjement, kan ein saman skapa ei framtid.



Frå gjennomslag på Ryfasttunnelen 26.10. 2017. Foto: Øyvind Ellingsen/Statens Vegvesen

3.3 Val av strategi:

Kommunestyret har gjennom vedtak av hovudmål (sjå Samfunnsplanen, dokument B kapittel 4), vald å satsa på strategi C.

For å få til ei utvikling i tråd med alternativ C, er det nyttig å sjå nærare på omgrepet «brei verdiskaping», formulert av Distriktssenteret. Distriktssenteret er Kommunal og moderniseringsdepartementet sitt rådgjevarorgan på lokalsamfunnsutvikling.



Brei verdiskaping handlar om å sjå samanhengar mellom økonomisk, sosial, kulturell og miljømessig verdiskaping. I arbeid med lokal samfunnsutvikling kan den breie verdiskapinga sjåast på som eit uttrykk for berekraftig utvikling på lokalt nivå. Distriktssenteret har laga ein rapport på dette med døme frå m.a. Lom og Røros. Dei har utvikla verkty for å sjå dei ulike formene for verdiskaping i samanheng, og styrke berekrafta i lokalsamfunna.

Ein viktig premis for den breie verdiskapinga er at ein form for verdiskaping ikkje skal skje på bekostning av ei anna, eller bidra til å svekka den totale verdiskapinga.

Definisjonar:

Miljømessig verdiskaping inneber å styrka kvalitetane og verdiane knytt til kulturminner, kulturlandskap og natur. Miljømessig verdiskaping oppstår ved at desse verdiane skjøttast, vert haldne i hevd og teke vare på slik at kulturarven og naturmangfaldet sikrast. Dette vert oppnådd mellom anna gjennom god heilskapleg planlegging og forvaltning av det fysiske miljø, istandsetting, tilrettelegging, skjøtsel, gjenbruk og god ressursforvaltning.

- **Kulturell verdiskaping** inneber auka kunnskap og bevisstheit om lokal kultur- og naturarv, særpreg, tradisjonar, historiefortelling og symbol som gir grunnlag for formidling og utvikling av identiteten på staden og stoltheit.
- **Sosial verdiskaping** inneber utvikling av felles forståing, engasjement, tillit og tilhøyrslø som oppstår gjennom samarbeid, samhandling, dugnad, frivillig arbeid, fellesskap og nettverk.
- **Økonomisk verdiskaping** inneber auka lønsemd gjennom produksjon og sal av varer og tenester og auka sysselsetting for lokalsamfunnet, for eksempel som følge av innovasjon, merkevare- og omdømmebygging.



Desse fire typane verdiskaping kan illustrerast som fire delar i ein firkant (til høgre) Røynsle frå Distriktssenteret sine prosjekt (m.a. Lom og Røros), viser likevel at den firdelte trekanten er ein betre illustrasjon. Sosial verdiskaping kjem i midten som utgangspunkt for dei tre andre

Felles for arbeidet med brei verdiskaping i Røros, Lom og Vega kommunar:

- tydelege prioriteringar
- langsiktig planlegging
- investering i fellesgode
- lokal forankring og brei involvering'
- samhandling på tvers av mange aktørar



Frivillig torg er døme på samhandling på tvers av mange aktørar

4 Planomtale

Planen er delt i ein samfunnsdel (Dokument B) (fem kapitel) og ein arealdel (Dokument C) med kart og føresegner. Samfunnsdelen er heilt ny, medan arealdelen er ein mindre revisjon slik strategi og planprogram legg opp til.

På grunn av at ein ikkje er ferdig med arbeidet med sentrumsanalyse/sentrumsplan, vil konklusjonar som gjeld Hjelmeland sentrum kome som ein forsinka del av kommuneplanrevisjonen, truleg i løpet av 2018.

I tillegg til dokumenta **Samfunnsdel**, **Arealdel** og **Planskildring**, består også kommuneplanpakken av fleire **tilleggsdokument**, og **bakgrunnsdokument** (sjå innleiing kapittel 1). Tilleggsdokumenta består av vurdering av enkeltinnspel (konsekvensanalyse) og av ein heilskapleg ROS-analyse henta frå kommunen sitt beredskapsplanverk. Bakgrunnsdokumenta handlar om dei utgreiingsprosessane som er gjennomførte, og om anna lokalt planverk som ligg i botn for kommuneplanen.

4.1 Nærare om samfunnsdelen (Dokument B)

4.1.1 Om grunnleggjande rammer (kapittel 3)

Ryfast

Avsnittet omtalar etableringa av Ryfast og andre store samferdselshendingar i nær fortid eller nær framtid. Dette representerer store endringar for Hjelmeland kommune, næringsliv og lokalsamfunn. Det gjeld å nytta det potensialet som ligg i endringane.

Økonomi

Planen frå 2011 har vist seg ha ein grunnleggjande mangel: Økonomiperspektivet. Kommunen har i dei seinare åra hatt økonomiske utfordringar, og på ROBEK-lista. Det siste betyr at kommunen må ha godkjenning av Fylkesmannen på ein del økonomiske disposisjonar, og dermed står mindre fritt. Å ha ein sunn økonomi er ein føresetnad for å kunne vera ein utviklingsaktør også i framtida, og for å halda opp eit profesjonelt tenestetilbod.

Beredskap og ROS

ROS og beredskap tek utgangspunkt i kommunen sitt beredskapsplanverk og regelverket kring dette.

Lov om sivilbeskyttelse prg 14:

Kommunen plikter å kartlegge hvilke uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynligheten for at disse hendelsene inntreffer og hvordan de i så fall kan påvirke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderes og sammenstilles i en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse.

Risiko- og sårbarhetsanalysen skal legges til grunn for kommunens arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap, herunder ved utarbeiding av planer etter lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).

Risiko- og sårbarhetsanalysen skal oppdateres i takt med revisjon av kommunedelplaner, jf. lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) § 11-4 første ledd, og for øvrig ved endringer i risiko- og sårbarhetsbildet.

Forskrift om kommunal beredskapsplikt prg 3:

På bakgrunn av den helhetlige risiko- og sårbarhetsanalysen skal kommunen:

a) *utarbeide langsiktige mål, strategiar, prioriteringer og plan for oppfølging av samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeidet.*

vurdere forhold som bør integreres i planer og prosesser etter lov 27. juni 2008 nr. 71 om b) planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).

Kommunen sitt planverk kring ROS og beredskap vart revidert 2016. Etter tilsyn frå Fylkesmannen 2017 har ein lagt vinn på å integrera ROS ennå tettare inn i handtering av arealsaker.

Heilskapleg ROS utarbeidd i samband med revisjon av beredskapsplanverket inngår som dokument E i «planpakken»

Folkehelse og barnekonvensjonen

Hjelmeland har over tid vore partner i Fylkeskommunen si satsing på folkehelse. Det er sett i gang systematisk overvaking av utvalde folkehelseparametre, og det vart utarbeidd ein oppdatert oversyn i 2015. Den er nytta som bakgrunn for planstrategi og planprogram. Oversynet ligg i lista over bakgrunnsdokument (dokument N). Folkehelse har ikkje fått noko eige kapitel som sist. Omsyn til folkehelse er søkt nedfelt i heile planen.

Hjelmeland har dei siste åra hatt eit positivt fødselsoverskot. Å ta vare på unge familiar vert vesentleg for framtidig vekst.

Næringsliv og naturressursar

Næringslivet vårt er i stort mon bygd opp kring lokale naturressursar; sjø, jord, skog, sand og vatn. Dette handlar om å nytta dei fordelene ein har frå naturen si side. Desse næringane – med fagfolk og naturressursar - er også vesentlege kjelder til innovasjon og vidareutvikling.

Klimaomstilling/det grønne skiftet.

Kommunen har ikkje nokon eigen klimaplan. Kommuneplanen er vår klimaplan, slik det også var det ved siste revisjon. Kommuneplanen er overordna all kommunal verksemd, og difor er det eit poeng at kommuneplanen også er kommunen sin klimaplan. Klimaomsyn og klimaomstilling er omtalt i fleire samanhengar i planen, både i samfunnsdel og arealdel.

Avsnittet om klimaomstilling tek utgangspunkt i dei klimamåla Noreg har forplikta seg på, og klimatema kjem også inn i handtering av satsingsområda. Det vert her vist til statleg planretningsline for klima og energiplanlegging i kommunane (4.9.2009), og til lokal rapport utarbeidd med støtte frå ENOVA i samband med kommuneplanarbeidet i 2011. Denne lokale rapporten er å finna i bakgrunnsdokumenta (dokument P). Blant bakgrunnsdokumenta har ein også vald å leggja utkast til ladestruktur for Sør-Rogaland, utarbeidd hausten 2017 (dokument O). Tankegods herifrå er innarbeidd i planen.



Klimarapport utarbeidd 2010.

4.1.2 Om Visjon og hovudmål (kapittel 4)

Visjon:

Hjelmeland Naturlegvis er blitt eit innarbeidd omgrep, som også er med på å setja Hjelmeland på kartet.

Visjonen seier noko om vår næringsmessige status, som i stor grad er bygd opp rundt bruk av dei gode naturressursane kommunen har. Det seier også noko om å ta vare på dei landskapsmessige kvalitetane rundt oss.

Hovudmål:

Gjennom breie prosesser er hovudmålet for planarbeidet formulert slik:

Jobb og attraktivitet. Å leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn.

Om val av hovudmål:

Både for kommunen som heilskap og for den einskilde bygda er det viktig at me ikkje vert for få totalt sett. Hjelmeland er ein kommune som er stor i utstrekning og liten i folketal. Me må ikkje bli færre, for det trengst hovud og hender til å drifta både næringsliv, frivillig verksemd og offentleg sektor. Naturbasert næringsliv pregar samfunnet vårt. Det er eit mål å utvikla næringslivet samstundes som ein klarer å ta vare på naturkvalitetane som gjer oss attraktive som buplass og reisemål for hyttefolk og turistar. Feriegjester er også viktige medspelarar i høve til å leggja til rette for eit lokalt handels og servicetilbod, og som deltakarar i frivillig sektor.



4.1.3 Om satsingsområda (kapittel 5)

Satsingsområda er formulerte gjennom dialog med næringsliv (samlingar i samarbeid med Handel og serviceforeningen og Næringsforeningen i Stavangerregionen) og frivillig sektor våren 2017, og endeleg fastsette av kommunestyret i juni. Hausten 2017 vart hovudmålet og satsingsområda drøfta på i alt åtte grendemøte, der det også vart oppmoda om å koma med innspel ved oppstart av arbeidet med sjølve planen. Innspela og referat frå grendemøta er å finna i dokument F.

I dokument D1 er det gjort ei vurdering av det enkelte innspelet mest knytt til arealdelen.

I kommuneplanen frå 2011 var ruspolitisk plan ein integrert del. I denne kommuneplanen legg ein til grunn at det vert utarbeidd eigen plan for dette, jfr vedteken planstrategi. Hovudtyngda av grepa som går på korleis me ynskjer å innretta lokalsamfunna våre, vert likevel omtala i kommuneplanen (til dømes punkt om inkludering, oppvekst og omsorg). Det er utarbeidd og vedteke eigen temaplan for kulturminne/kulturarv (dokument K), men kultur og kulturarv inngår også i kommuneplanen.

4.2 Nærare om Arealdelen (dokument C1 og 2)

Bestillinga frå kommunestyret er ein mindre revisjon av arealdelen. Planen frå 2011 har mange område som ennå ikkje er utbygde og kan såleis seiast å ha u-utnyttede kapasitet. Det reviderte planforslaget er utarbeidd på grunnlag av fleire premiss:

- Vedtekne føringar jf vedtatt Planprogram kommunestyrevedtak 21.06.17
- Vedtekne mål/satsingsområdet jf vedtatt Planprogram
- Generell fokus frå overordna nivå på samfunnstryggleik og risiko
- Auka fokus på grønt skifte, klimaomsyn og tettstadsutvikling
- Eige sentrumsprosjekt Hjelmeland – Vågen 360 : avklaringar på vent.

Ved godkjenning av planprogrammet vedtok kommunestyret ein del føringar for arealdelen.

4.2.1 Føringar til ny arealdel:

Vedtekne føringar er lista opp under, og det er der gjort greie for korleis desse er følgt opp i planen

Føring 1.

Kun behov for mindre revisjon og planteknisk endring av planen.

Ta omsyn til gjeldande plan – ikkje legg opp til omfattande endringar. Der det vert lagt inn endringar, må ein også innarbeida omsyn til nyare regionale planar.

Slik er dette følgt opp i planforslaget:

Arealdelen av kommuneplanen er juridisk bindande for kommunen, og det er svært regelstyrt arbeid jf. plan- og bygningslova og nasjonale standardar. Hjelmeland har ein relativt grundig arealdel med føresegner og retningslinjer for alle relevante tema, og planen blir brukt dagleg i saksbehandlinga og forvaltninga av areal. Arealdelen slik den er bygd opp er såleis eit svært nyttig verktøy for gjennomføring av vedtekne mål, og kommunen ønskjer ikkje å endre struktur og oppbygging på denne. Både forvaltningsmessig og planteknisk er det hensiktsmessig å bygge vidare på den planen me alt har, både i tekstdel og i plankart.

Alle nye arealformål er konsekvensutgreidd før de blei lagt inn i planen (med unntak av nokre

akvakulturanlegg og endring Sanitas/Årda). KU/ROS er gjort både for alle nye innspel og for eksisterande område frå gjeldande plan som ein ønskjer å vidareføre i planen. Ein har prioritert å gjere KU/ROS for alle nye innspel, framfor å endre for mykje på tema i planen som ein meiner fungerer godt pr. i dag. Ein har likevel hatt ein gjennomgang av planen i forhold til det som ligg inne frå før; og ein har rydda og kvalitetssikra; noko som òg har medført at enkelte byggeområde har gått ut som følgje av ny kunnskap og vurdering opp mot nye føringar.

Oppsummering:

Ein har aktivt brukt nyare regionale planar og ny kunnskap til vurdering av nye innspel, samt vurdert alle innspel opp mot vedtekne satsingsfelt i samfunnsdelen. Sjølv om arealdelen er endra relativt mykje på enkelte formål som td råstoffutvinning, har ein likevel klart å følgje opp føring nr 1.

Føring 2.

Bustader: Vidareføre dagens strategi, med felt og LNF-spreidd.

Det skal vere område for spreidd bustadbygging i alle grender i kommunen.

Behalde det som er inne planen + fortetting i Hjelmeland, Fister, Årdal.

Ynskjer meir bustadbygging og må planleggja ut i frå det, dvs. positiv innstilling til å vurdere alle innspel.

Slik er dette følgt opp i planforslaget:

Det nye planforslaget legg opp til å vidareføre dagens strategi med bustader både i felt (primært tettstadane) og spreidd (primært i grendene). Ein har dermed fulgt opp hovudmålet i planen og satsingsområde 3 i samfunnsdelen m.a. at det skal vere mulig og byggja og bu i bygdene for alle generasjonar – samstundes som særleg satsing på tettstadsutvikling.

Fortetting i tettstadane Hjelmeland, Fister og Årdal

Både for **Fister og Årdal** kom det innspel om nye bustadfelt, og ein har vore lempeleg med å leggje til rette for bustader og ein legg vekt på at det i desse tettstadane skal byggjast i regulerte felt – ikkje spreidd. Totalt er det i høyringsutkastet gitt rom for ca 40 nye bustadtomter i Årdal og Fister, primært einebustader.

I tettstaden **Hjelmeland** ligg det alt inne store moglegheiter for bustadbygging i gjeldande planar, og her har det kome lite innspel om nye tomter. For sjølve sentrumsdelen vil det vere naturleg å prioritere fortetting og høg utnyttingsgrad på dei areal ein frigjev. Men arealdelen for Hjelmeland sentrum er elles vedtatt «**satt på vent**» til det paralleltgåande sentrumsprosjektet er ferdigstilt. Høyringsutkastet gir elles rom for 2 nye bustader i LNF-spreidd på Kleppa, like utanfor tettstaden Hjelmeland.

Spreidd bustadbygging i grendene dvs. LNF m/spreidd bustadbygging

Det å oppretthalde grendene som aktive lokalmiljø er svært viktig for Hjelmeland, så denne strategien vidarefører difor som før. Det vil seia at ein opprettheld dei områda ein alt har godkjent i gjeldande plan. Ein har her kun korrigert noko på avgrensingane og ein har «plussa» på ein del fleire hus (fordi ein del alt er bygde) og ein har korrigert litt på vilkåra for slik bustadbygging i grendene. I desse områda er spesielt avvegningane i forhold til framtidsretta landbruksdrift avgjerande.

Det er dessutan viktig å poengtere at i nokre bygder er **busetnadsomsynet** noko viktigare enn andre omsyn, og dette er nedfelt som ei retningslinje i planen. Dette gjeld i bygdene Vormedalen,

Jøsenfjorden, Jøsneset og Ombo. – som blant anna ut frå geografisk avstand, innbyggjartal, kommunikasjonsmønster, eksisterande landbruks- og bygdestruktur skil seg noko ut.

Innspel om ny bustadbygging

Samanlikna med førre planrevisjon har ein fått etter måten få innspel om nye bustadfelt. Alle innkomne innspel er konsekvensutgreidd og vurdert, og for Fister og Årdal har ein som nemnd vore lempelegare enn tidlegare for å gi rom for meir variasjon i tilbod, og fordi det er i tråd med føringane å satse meir på desse tre stadane. Innspel om bustadfelt på Randøy er ikkje imøtekome, då det er såpass rikeleg med regulerte bustadtomter i nærleiken.

Både gjennom skriftleg innspel og ytring på grendemøter har fleire bygder ytra ønskje om romsleg tilrettelegging for nye tomter. Dette har kommunestyret veklagd å imøtekome, men regelverket i plan- og bygningslova, jordlova og overordna arealpolitikk gir ikkje rom for å leggje til rette for bustadbygging over alt.

Føring 3. Næringsområde:

Behovsvurdering av ev nye område både på sjø og land.

Slik er dette følgt opp i planforslaget:

Totalt sett har ein ikkje fått mange konkrete innspel om konkrete næringsområde, men ein har prøvd å vektlegge satsingsområde 2 i samfunnsdelen: «*Næringsutvikling med basis i eksisterande næringar der reiseliv blir særleg vektlagd.*». Det er gitt eigne føringar for råstoffutvinning, landbruk og havbruk, så dei næringane er omtalt under.

Industriområde

I Årdal er det gitt rom for utviding av **Svadberg industriområde** på dyrka mark; og dermed har ein i dette tilfellet prioritert industri framfor landbruk (som jo òg er ei av kommunens viktigaste næringar). Det same gjeld utviding av **Årdalstunet næringsområde** austover på dyrka mark, dvs forretning/kontor/lager/. Kommunestyret påpeiker viktigeita av å ha disponible, tilrettelagde næringsareal sentralt i tettstadane. Det kom òg inn innspel om offentleg kai utanfor **Mælsøyrane industriområde** i Årdal. Det er viktig å ha ein god djupvannskai, så dette er det gitt rom for i planen, men ikkje at den skal vere kommunal. Kommunestyret meiner òg det er viktig å prioritere vidareutvikling av **Viganeset industriområde, Hjelmeland**. Difor er det vedtatt at eit 35 daa stort areal like sør for Viganeset industriområde skal endrast til framtidig industriareal (ikkje KU/ROS-vurdert). Òg i **Fistervågen** er det lagt inn ei utviding av industriområdet nord for Fister Smolt; dette er eit areal som blei spelt inn som framtidig bustadfelt, men som under kommunestyrebehandlinga blei endra til framtidig næringsområde (og dermed heller ikkje KU/ROS-vurdert)

Elles vil ein lage ein oversikt over alle industri/næringsområde i kommunen slik at ein har betre oversikt over totalt, tal daa ledig areal og geografisk spreing.

Reiseliv

Reiseliv er òg eit uttalt satsingsfelt for kommunen. Det kom nokre innspel om reiseliv; og desse er stort sett følgt opp i planforslaget; til dømes camping på **Nordskår** og **Fistervågen**, og utviding av reiselivsområdet i **Øyehavn** på Randøy + ein opprettheld dei områda som er inne i gjelande plan (med unntak av naust/utleige-hytter Tjueneset, Ombo og reiselivsområde på Fossane, Vormedalen).

Tidlegare har tilrettelegging for reiseliv i kommuneplanen sin arealdel i stor grad dreia seg om å leggja til rette for utbygging av **utleiehytter** eller tilsvarande. Erfaringa har vist at mange av desse reiselivsområda med utleiehytter etter kvart har blitt bruksendra til vanlege hytteområde med

privateigde hytter. Dette fordi eigarane ikkje har sett rom for å investera i vedlikehald og oppgradering. Trendane i reiselivet er i endring, og veksten ser først og fremst ut til å gjelde i andre typar overnattingstilbod, anten hotell med full service eller enklare tilbod som t.d. camping. Ein har difor ikkje lagt inn nye område for utleiehytter, sjølv om det har vore eit par mindre innspel om det.

Ein har gjennom retningslinjer til LNFR-områda lagt til rette for landbrukstilknytt reiselivsutvikling, slik at ein t.d. kan ta i bruk bygningar på gardsbruka til reiseliv.

Satsing på reiseliv handlar elles om meir enn berre tilrettelegging av areal, og her viser ein til samfunnsdelen.

Føring 4. Hytter:

Ikkje behov for særleg fleire hyttefelt i perioden. Vidareføre dagens strategi, dvs. hytter i felt med plankrav.

Føringar i forhold til vurdering av nye felt; føremålstenleg forvaltning av arealet i strandsona. Fortetting skal vurderast, men ikkje vera til hinder for nye område. Fokus på fellesanlegg og allmenne omsyn, prioritering av grunneigarsamarbeid mm. Skal ein få gjennomslag i forhold til nye hyttefelt må krav til utgreiingar vere tilfredsstillande.

Prioritering av innspel til nye utbyggingsområde jf. vedtatt Planprogram

- fortetting/utviding framfor opning av nye område
- høg grad av fellestenking
- god skildring av konseptet
- fokus på grunneigarsamarbeid
- vektlegging av universell utforming og klimatilpassing
- vektlegging av ROS, dvs. ta omsyn til risiko- og sårbarheit
- hytte- og bustad felt i nærleik av sjø må påvise plass til båthamn
- tilrettelegging for allmenne omsyn og omsyn til naturkvalitetar

Slik er dette følgt opp i planforslaget

I forhold til tidlegare planrevisjonar har det kome få innspel om nye hyttefelt. Heng moglegvis saman med endra marknadssituasjon, og dessutan har ein mange regulerte ikkje realiserte hyttefelt allereie i kommunen, og såleis mange byggeklare hyttetomter allereie.

Ein har ikkje lagt inn nye store hytteområde i område der det er lite utbygd frå før. Det betyr td at ein ikkje har tilrådd hytter på Habnaneset, Randøy. Ein har derimot tilrådd ei utviding av hytteområde på Nordskår med ca 15 nye hytter, som blir ei rein fortetting. Det er òg gitt rom for 2 nye hytter ved sjøen Moldfallet, Hjelmeland. Ut over det er det ikkje gitt rom for fleire nye hytter, og ein har såleis fulgt opp denne føringa.

Ein har elles gått gjennom godkjende felt frå 2011, og gjort KU/ROS av dei felta som er inne på lista men ikkje regulert og/eller utbygd: Stort sett vidarefører ein desse felta som før. Det er likevel tatt ut to felt m.a. pga risikovurderingar: Kåda/Randøy og Tysdal/Årdal.

Føring 5. Råstoffutvinning:

Klargjere korleis Regionalplan byggeråstoff Ryfylke er førande for nye uttaksområdet. Sjå dette i samanheng med næringsområde i punkt 3, samt kartlegging frå Norstone

Slik er dette følgt opp i planforslaget

Råstoffutvinning er ei stor, viktig og arealkrevjande næring i Hjelmeland. Norstone kom med eit stort og omfattande innspel om 9 nye masseuttaksområde på til saman mange hundre mål. Dette er det største og mest krevjande innspelet ein fekk til arealdelen. Her er det svært mange omsyn som skal og må vegast opp mot kvarandre; og det er utfordrande å ta utelukkande næringsmessige omsyn då dette handlar om aktive bu- og bygdemiljø sentralt i Årdal og Jøsenfjorden.

Generelt sett burde innspela om slike nye, store masseuttaksområde vore betre konsekvensutgreidd frå Norstone si side; for på mesteparten av lokalitetane er det ikkje ein gong opplyst noko om kvalitet på massen, omfang og drivverdigheit av ressursen, og då gjer det dette vanskelegare for kommunen i forhold til vurderingar og prioritering. Rådmannen valde likevel å gå grundig gjennom lokalitetane, og òg bruke Regional Byggeråstoffplan som ei rettesnor. Men ikkje alle lokalitetane er ein gong vurdert i regionalplanen, og dette gjorde det ytterlegare vanskeleg å vurdere.

Av dei 9 føreslegne lokalitetane frarådde rådmannen 5, fordi konfliktnivået er for stort.

4 av lokalitetane blei tilrådd, om enn under ein del tvil: Krumshagen og Huga Vest i Jøsenfjorden og delar av Svadberg og delar av Øvre Valheim i Årdal.

Rådmannen var særst i tvil om Huga Vest og Øvre Valheim fordi konfliktane her er store: på Huga Vest i forhold til landskap, kulturminne og bumiljø og på Øvre Valheim primært på grunn av bumiljø. I desse to tilfella har ein likevel vald «å la tvilen kome næringa til gode», og har lagt inn krav om ytterlegare konsekvensutgreiing før ein tar endeleg stilling til lokalitetane.

Kommunestyret la vekt på omsynet til næringa enda sterkare, og difor blei ytterlegare fleire lokalitetar lagt inn som framtidige råstoffutvinningsområde: Mele Vest i Årdal, Sedberg/Lund i Årdal, heile Svadberglokaliteten i Årdal (heilt inn til framtidig RV13) og Hauge Aust i Jøsenfjorden. Det er lagt inn krav til konsekvensutgreiing før regulering til alle lokalitetane. Dette er kvar for seg krevjande lokalitetar å ta ut, mest pga beliggenheten i aktive grende-og bumiljø, og at enkelte gardsbruk blir svært berørt – det er òg kulturminneomsyn som blir svekka av desse uttak. Likevel meinte kommunestyret at omsynet til næringa veg tyngst, og at areala kan bli gode jordbruksareal etter uttak.

Oppsummert

Det er på tema råstoffutvinning at nytt planforslag skil seg sterkast ut frå gjeldande plan, og kommunen er relativt offensiv ift tilrettelegging for næringa – òg nå nærare tettare bumiljø enn det ein tidlegare har vore. Dette heng òg saman med at grus byrjar å bli ein knapp ressurs. Kommunen har gått ut over føringa ift Regionalplan Byggeråstoff Ryfylke, då det er tatt inn fleire lokalitetar i planforslaget som ikkje ein gong blei vurdert i Regionalplan Byggeråstoff

Føring 6. Havbruk:

Havbruk er ei av dei viktigaste næringane i kommunen. Me må ha større fokus på dette i kommuneplanen.

Reint konkret fekk ein kun to innspel frå havbruksnæringa, og det var utviding av to eksisterande lakse-lokalitetar, Langavika og Fosså. Begge utvidingane er lagt inn i planforslaget, sjølv om det på begge lokalitetar er nokre uavklarte forhold, og til Fosså er det ein del protestar.

Oppdrettsnæringa går mot **større og færre anlegg**, og dette er ikkje heilt gjenspegla i gjeldande arealdel ettersom det i planen ligg inne mange/mindre lokalitetar. Men dette er forhold som må avklarast meir i direkte dialog med næringa, og som det moglegvis kjem endringar på gjennom høyringsrunden.

Det er òg auka fokus på **fortøyinganlegg** til dei store anlegga i arealsamanheng, noko ein heller ikkje har tatt fullt høgde for i plankartet. Regionalplanen legg retningslinjer for at fortøyingareala skal leggjast ut som «fleirbruksområde i sjø» - Men det er vanskeleg å ta stilling til dette i detalj, då det er mange av lokalitetane ein ikkje kjenner omfang av fortøyingane til, og ein del andre lokalitetar ein ikkje veit kva type oppdrett det blir – og dermed heller ikkje veit behov for fortøying.

Elles er det auka fokus og meir satsing på andre, **nyare marine artar** som til dømes tang/tare-produksjon, som kommunen har signalisert at ein ønskjer å leggje til rette for. Men dette er det vanskeleg for kommunen å planleggje utan direkte medverknad frå den aktuelle næringa. Men område for akvakultur som ligg inne frå før, i alt 22 område i sjø, blir i all hovudsak vidareført. Fleire av desse er det konsesjonar på for skjell; det er «sovande konsesjonar» som ikkje blir nytta. Dette er potensielle næringsområde i sjø – kan hende eigna òg for nye marine artar. I løpet av planprosessen vil kommunen innhente ytterlegare kunnskap om status og moglegheiter for desse gjennom meir dialog med næringa.

Etter at rådmannen hadde lagt fram sitt planforslag, og før kommunestyret behandla planforslaget kom det inn eit **innspel om 6 nye lokalitetar for oppdrett av laks frå Eidesvik Laks AS**. Desse blei ikkje konsekvensutgreidd, då dei kom etter fristen. Kommunestyret valde likevel å ta inn 4 av desse lokalitetane då havbruk er ein av dei store næringane kommunen og i tråd med satsingane. Lokalitetane som blei tatt inn: Breivik – Gardsundet, Sigmundstad-Fisterfjorden, Helgøy-Fisterfjorden, og Kunes/Smalaholmane i Gardsund. Alle desse lokalitetane er KU/ROS-vurdert i etterkant, sjå dok D1 KU/ROS, kap 11.

Oppsummert

Kommunen har eit stykke på veg fulgt opp føringa, men er ikkje heilt i mål med tema havbruk, og håpar at ein gjennom høyringsrunden kan ha nærare dialog med næringa og med eksterne myndigheiter/konsesjonsmyndigheiter ift utforming av plankartet på dette tema, td omsyn til fortøyingar mm.

7. Landbruk.

Leggje til rette for at landbruket framleis vert ei viktig næringsgrein i kommunen.

Stimulera til nydyrking og drenering av eksisterande areal. Formålstenleg forvaltning av jordbruksjord og jordvernet.

Omsynet til landbruksnæringa er viktig tema i konsekvensutgreiinga når nye utbyggingsområde bli vurdert, og dette gjenspeglar seg i KU/ROS til nye innspel og til byggeområde som skal vidareførast frå gjeldande plan. Generelt er omsyn til jordvern høgt verdsett, og det skal mykje til at ein gir opning for utbygging på fulldyrka mark. Det at ein seier nei til nye utbyggingstiltak av omsyn til landbruket er primært den måten ein følgjer opp føringa i ny arealplan.

Omsynet til landbruk var òg eit svært viktig vurderingskriterium i høve til masseuttaksinnspela; det vil seie ein la i vurderinga vekt på at det blei tenleg og god moglegheit for effektiv landbruksdrift etter uttak (målet der bør helst vere at tilhøva for landbruket blir betre etter enn før uttak).

Men òg gjennom samfunnsdelen synleggjer ein at ein satsar på landbruksnæringa, og såleis følgjer opp denne føringa òg der. Dette med å stimulere til nydyrking/drenering i eksisterande areal, og formålstenleg forvaltning, blir følgt opp gjennom den generelle landbruksforvaltninga ein har i kommunen, og i høve til gjeldande regelverk for landbruket.

Det hender likevel ofte at det er kamp om areala; og at omsynet til landbruk likevel må vike for andre omsyn og prioriterte tiltak. Døme på det kan vere: utviding av Svadberg industriområde på fulldyrka mark (der er det sett krav om «gjenbruk» av matjorda), Årdalstunet næringsområde og bustadbygging på Bøen i Årdal.

8. Natur og friluftsliv:

Integrere nyare kartlegging i planen + kvalitetssikre dei prioriterte områda me alt har inne i planen. Klargjere i høve til føringar i ny Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning . Integrere ny "barnetråkk"-registrering som omsynssoner.

Slik er dette følgt opp i planforslaget:

I konsekvensutgreiing av dei einskilde innspela er tiltaket vurdert i forhold til **naturregistreringar** i Naturbase/artskart m fl. Innspela er og vurdert i forhold til dei retningslinjene som er gitt i Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning.

Det er òg utført ei lokal/avgrensa kartlegging av **friluftsområde** i kommunen. Denne er ikkje heilt komplett for heile kommunen, og heller ikkje kartfesta konkret i planen. Men kartlegginga, saman med lokalkunnskap totalt sett, er brukt ved vurdering av nye innspel, og kartlegginga og verdisettinga framgår nå i Temakart Rogaland.

Viktige friluftsområde, verneområde og naturtype-lokalitetar med nasjonal verdi (A-område) er lagde inn som **omsynssoner**. Slike område som låg i planen frå før er «vaska» og kvalitetssikra i forhold til nyare registreringar/ny verdivurdering.

I forhold til friluftsliv, så blei det lagt inn ein ny turveg/skiløype mellom Bjødnabu/Hjelmeland og Måmyra/Årdal. Kommunestyret framheva dette som eit viktig folkehelseiltak, og turvegen vil vere med å binde samene to utfartsområde mellom to bygder.

Barnetråkk- registreringar er gjort for Hjelmeland, Årdal og Fister skule, og berre utvalde klassar. Registreringa er dermed ikkje komplett frå alle barn i kommunen, og heller ikkje for alle bygder. Men der det er gjort registreringar er dette tatt omsyn til i konsekvensutgreiinga av innspela til arealdelen. Registreringane er elles såpass lite komplett ift arealavgrensingar at ein ikkje har lagt de inn som omsynssoner. Det kan moglegvis vere meir aktuelt i sentrumsdelen Hjelmeland, der kartlegginga er noko meir eintydig enn Fister og Årdal. Vidare har ein vidareført og lagt inn nye g/s-trasear der Barnetråkk-registreringane gir eintydige signal om at det er behov for det.

9. Kulturminne:

Integrere delar av Kulturminneplanen inn i plankart/føresegner.

Slik er dette følgt opp i planforslaget:

Hjelmeland vedtok kulturminneplanen i 2017, og det er ein grundig og omfattande plan som omfattar langt meir enn det som berre er relevant i rein arealbruk-samanheng. Hovudmålet i kulturminneplanen er at vår kulturarv skal vere viktig bidragsytar til å utvikle kommunen og bygdene – heilt i tråd med samfunnsdelen. For rådmannen var dette i enkelte tilfelle viktig vurderingskriterium i forhold til nye innspel; som til dømes nytt bustadfelt Borjå, «vegg-i-vegg» med gamle-kyrkja i Årdal; som er eitt av kommunens mest verdifulle kulturobjekt. Kommunestyret vektla likevel busetnadsomsynet og tilrettelegging for nye bustader sterkare, og la dette bustadfeltet inn. Då er det viktig at ein gjennom reguleringsplan for bustadfeltet legg inn føringar som tek omsyn til kulturverdiane rundt, td ift byggutforming, høgdar mm . Det same gjeld td masseuttak på Lund; der kulturminnet må frigjevast om det skal kunne tas ut masse. Og i andre tilfelle kan det føre til svekking av kulturverdiane td masseuttak på Hauga Vest; der kulturminna ikkje blir fjerna, men sterkt berørt landskapsmessig.

I tekstdelen til arealdelen er det eigne kapittel og tabellar om SEFRAK-bygg , kulturminne og kulturmiljø. Desse er gjennomgått og kvalitetssikra i høve til ny kunnskap, og tabellane er oppdatert og det er lagt inn forslag til endra føresegner/retningslinjer. SEFRAK – A bygningar som går ut av lista er anten på grunn av at bygga har ramla ned eller fordi ein har pussa dei opp på ein slik måte at ein har redusert verneverdien. Elles har ein brukt Riksantikvaren sin kulturminnebase Askeladden aktivt både i forhold til vurdering av innspel og i dagleg forvaltning.

I kulturminneplanen er to område framheva som prioritert satsing **ferdselsvegar**:

Prestavegen: ligg inne i Riksantikvaren sin base som kulturminne, og i vår kommuneplan blir den dermed gitt ei omsynssone kulturmiljø, for å synleggjere denne verdien inkludert sikringssoner.

Viglesdalsvegen: ligg i gjeldande kommuneplan allereie inne som ei omsynssone, og denne blir vidareført.

Vigatunet er òg gitt ein særskild prioriterting i kulturminneplanen, og òg det området blir vidareført som omsynssone kulturmiljø frå gjeldande plan.

Det er òg lagt inn retningslinjer for forvaltning innafor desse områda.

10. Kommunikasjon/samferdsel:

Avklare hovudfartsårene gjennom kommunen/RV13.

Kommunen skal jobbe aktivt for ein fergjefri RV13 gjennom Ryfylke, medrekna ferjefri kryssing av Jøsenfjorden.

Slik er dette følgt opp i planforslaget:


Kommunen vil framleis jobbe aktivt for ferjefri kryssing over Jøsenfjorden, sjølv om det ila dette året har dukka opp eit banebrytande prosjekt for hydrogenelektrisk ferjedrift her. Ferjesambandet Hjelmeland-Nesvik-Skipavik er nå eit utviklingsprosjekt for denne type ferjedrift, og kan bli det første i verda. Dette medføre spanande muligheiter og nye utfordringar; til dømes i forhold til arealbruk og sentrumsutvikling. Dette vil det bli sett nærare på gjennom sentrumsutviklingsprosjektet for tettstaden Hjelmeland, og for kvar enkelt reguleringsplan for Sande og Nesvik, som nå er under utarbeiding. Ein del innspel som er knytt til samferdsel og kommunikasjon over fjorden er såleis peila over mot reguleringsplan- og sentrumsplanprosessane. Sjølv om dette er spanande utviklingsmoglegheiter, har kommunestyret framheva det framtidige målet om **ferjefri kryssing over fjorden**, og presisert dette i samfunnsdelen. Pr i dag kan ein ikkje sjå kor dette best mogleg kan skje, då ein manglar utgreiingar og analyser på det. Og ein ønskjer ikkje å bandlegge store areal i «fjordkrysset» t.d. som omsynssoner infrastruktur. Arealdelen inneheld difor ingen konkrete forslag på ferjefri kryssing, og ein har teke ut ei tidlegare innlagd omsynssone for Jøsenfast (undersjøisk tunnel i trasé som uansett ikkje er realistisk).

Årdalstunnelen er lagt inn som eigen kommunedelplan, og dei andre innkortingane av RV 13 som låg inne som omsynssoner infrastruktur er vidareført i ny plan; gjeld Svadberg-Riskedalsvatnet, Riskedal-Flathetland-Mjølhøi og Ytre Eiane-Kilane.


4.2.2 Sentrumsprosjekt Hjelmeland – Vågen 360

Som tidlegare nemnd er det eit eige sentrumsprosjekt for tettstaden og kommunesenteret Hjelmeland; prosjektet heiter Vågen 360. Parallelt med kommuneplanprosessen går det føre seg ei moglegheitsstudie, der 3 arkitektfirma har fått parallelloppdrag om sentrumsutvikling. Primært går oppgåva ut på å binde saman vårt langstrakte sentrum og vidare nærstudiar av tre utvalde område: Vågen, Spa/Spar-området og Sande.

Reint praktisk er difor arealdelen for Hjelmeland sentrum «sett på vent» i høve til avklaring av moglegheitsanalysane, venteleg ferdig i februar 2018.



Sjølve analyseområdet Vågen 360



Arealdel Hjelmeland sentrum – Denne del blir **satt på vent** til avklaring av sentrumsprosjektet Vågen360

Oppsummert for heile arealdelen.

I høyringsutkastet har ein fulgt vedtekte føringar frå Planprogrammet temmeleg godt, og totalt sett legg ein ikkje opp til vesentlege endringar i arealdelen. Einaste unntak kan vere ei offensiv tilrettelegging for nye masseuttak, som går noko ut over føringane ift regionalplanen. Likevel er dette i tråd med satsingsfelt 2 i samfunnsdelen. I forhold til bustadbygging har ein òg ei offensiv tilnærming, og dette signaliserer at det er viktig for kommunen å ha utval i varierte bustadtomter i alle bygder og grender – dette for å ivareta hovudmålet i samfunnsdelen : vekst i folketallet – arbeidsplasser – attraktive lokalsamfunn.

5 Konsekvensutgreiing av kommuneplanens arealdel

Konsekvensutgreiinga av kommuneplanens arealdel skal skildre verknader av enkeltområde + verknaden av dei samla arealbruksendringane – samt ei vurdering ift miljø og samfunn.

5.1 KU/ROS av enkeltinnspel

Alle innspel som er mottatt til arealdelen er konsekvensutgreidd og risikovurdert. Dette går fram av tilleggskokument D1 KU/ROS Areal del – alle innspel. Metoden som er nytta er òg skildra i dok D1.

Verknadane av enkeltinnspele er sett opp i ei matrise med vurdering av miljø og samfunn samt vurdering av risiko og sårbarheit.

Konsekvensgrad blir oppgitt i ein 4-delt skala:

grønt: ingen konflikt,

gult: middels konflikt,

rødt: sterk konflikt

kvitt: ikkje vurdert pga manglande data eller ikkje relevant for innspelet.

Innspele er vurdert ift kjendt/kartlagd temakunnskap samt lokal-og fagkunnskap. Det er nytta kjende kunnskapsbasar; primært Temakart Rogaland, men òg Naturbasen, Vann-nett, Regionale planar, mm. Dette framgår av oversikten på s 4 i tilleggsdok D1. Det er òg gjort ei kort skildring av forslag til endra arealbruk, dagens arealbruk, og arealstatus i gjeldande plan.

Same metodikken er gjort på ein del utbyggingsområde som blir vidareført frå gjeldande kommuneplan, dette framgår av dokument D2 - KU/ROS eldre område.

5.2 Grov oversikt over endringar i arealdelen

	FELT INN	FELT UT	Kommentar
BUSTADER	B7 Bøen, Årdal	ingen	Totalt areal nye bustader: 49 daa. Det er ikkje gitt føringar om tett utnyttingsgrad. Anslagsvis ca 40-45 nye bustader.
	B8 Mosnes, Fister		
	B9 Solstrand, Fister		
	B10 Kleppa, Hjelmeland		
	B11 Borjå, Årdal		
	B12 Melslia v/sjøen, Årdal		
FRITIDSBUSTADER	H14 Nordskår, Fister, ca 15	H2 Tysdal, 15	
	H15 Moldfallet, Fister, 2 stk	H15 Kåda, 4	
SENTRUMSFORMÅL	Ingen	ingen	Arealdelen for Hjelmeland sentrum er satt på vent
TENESTEYTING	Ingen	Ingen	3 barneskular er lagt ned: areala er nå gitt meir fleksibel kombinasjonsformål
	Sanitas, Årdal Kombinasjonsformål		Kombinasjonsformål reiseliv/privat tenesteyting.
REISELIV (fritid/turistformål)	RL7 Nordskår, Fister ny camping	RL5 Fossane, Vormedalen	
	RL6 Øyehabn, Randøy utviding av areal	RL8 Tjueneset Ombo	
RÅSTOFFUTVINNING	RS8Krossleite, Jøsenfjorden	ingen	Alle nye lokalitetar er lausmasseuttak/sand. Totalt areal ca 720 daa
	RS9Hauge Vest, Jøsenfjorden		
	RS10 Svadberg, Årdal		
	RS11 ØvreValheim, Årdal		
	RS 12 Mele, Årdal		
	RS13 Sedberg/Lund, Årdal		
NÆRING /INDUSTRI	I14 Svadberg, Årdal	ingen	Nytt areal: totalt 75 daa
	I15Fister sentrum, utviding		
	I16Årdalstunet aust, Årdal		

	I17Viganeset sør, utviding		
IDRETTSANLEGG	Ingen	Viganeset aktivitetspark	
SMÅBÅTANLEGG	Nordskår, Fister	ingen	
	Solstrand, Fister (eigenti ikkje nytt, men omdefinert)		
LNF		Det blir reduksjon på ca 900 daa LNF i dei areala som er endra til byggeformål, td til råstoff/industri.	Lagt inn auka BYA for ekst hytter i LNF frå 90 til 130. Dette gjeld fleire hundre hytter.
LNF – SPREIDD BUSTAD	Ingen opprettheld det som er	ingen	I nokre felt er det gjort reduksjon av arealstorlek
LNF - SPREIDD HYTTES	3 hytter i Vormedalsheia	ingen	
LNF - SPREIDD NÆRING	Oppstillingsplass bubil, Fistervågen	ingen	
FISKEOMRÅDE	Ingen	ingen	
AKVAKULTUR SJØ	Utviding av 2 lokalitetar	ingen	
	4 nye lokalitetar		
TURVEG	Bjødnabu - Måmyra		

5.3 Verknad av dei samla arealbruksendringane i planforslaget.

5.3.1 Vurdering etter formål

Arealformål	Vurdering
Bustadformål	I gjeldande planar er det rom for ca 400 nye bustader; og i nytt forslag er det nå gitt rom for ca 40 nye. I tillegg kjem ca 75 bustader i LNF spreidd. Det er såleis rikeleg tilrettelagd for bustadbygging i kommunen; noko som er ein medviten strategi for å gi valfridom og bygge opp om det primære mål: auka folkevekst. Summen av nye bustadfelt som nå er lagt inn legg jo såleis opp til ein stor folkevekst; men med dagens utbyggingstakt med ca 10-12 bustadhus i året vil dette gå over lang tid og det er mange andre faktorar som må vere på plass for å at folkeveksten går i takt med bustadkapasiteten. I alt vesentleg er nye område for bustadbygging lagt i eller i nærleiken av eksisterande busetnad i kretsane. Samla vurderast summen av nye bustadfelt å ha akseptabel verknad på miljø inkl. vannmiljø , samfunn og naturmangfald.
Fritidsbebyggelse	I gjeldande planar er det rom for ca 600 nye fritidsbustader (regulerte+gjeldande kplan). I nytt forslag er det gitt rom for kun 2 nye felt; ca 20 nye hytter; primært i eitt felt som fortetting/utviding av allereie utbygd felt. I planforslaget er det kun lagt opp til 2 nye hytter direkte i strandsona; og sett i forhold til den lange strandlinja kommunen har, blir dette vurdert

	<p>som akseptabelt. Alle framtidige felt i planen, totalt 15 felt har retningslinjer ift utbyggingsvilkår og tal hytter pr felt. Utbyggingstakten for hyttebygging har avtatt ift tidlegare; dersom takten tek seg opp att er det mange regulerte/byggeklare felt – Samla samfunnsmessig verknad av dei nye framtidige hyttefelte er auka behov for oppgradering av infrastruktur og behov for tenestar, slik som daglegvarebutikkar, byggfirma/utsal og servicetenester. Det er viktig å ha fokus på om det òg kan oppstå auka behov for omsorgstenester. Fleire nye fritidsbustader blir bygd med standard som hus; og ein del hytter blir realiteten nytta som bustader – og omvendt. Samla vurderast summen av nye hyttefelt å ha akseptabel verknad på miljø (inkl. vannmiljø), samfunn og naturmangfald.</p>
<p>Offentleg og privat tenesteyting</p>	<p>Skulestrukturen er endra frå sist kommuneplanrevisjon i 2011, og 3 barneskular og 2 barnehagar er lagt ned (sentralisert). Desse kommunale/offentlege områda som før var definert som skule/barnehage er nå gitt meir fleksibel arealbruk; ettersom desse areala nå fungerer som grendehus/forsamlingshus. Bygga er pr i dag framleis i kommunal eige, og drift av bygga kan bli ei utfordring i framtida – noko som kommunen arbeider med å finne løysingar på saman med frivillige grendelag. Det er viktig å oppretthalde gode bumiljø i alle grender; og i den samanheng er dei gamle skulebygga viktige å oppretthalde; og òg å kunne opne for avgrensa næringsretta verksemd.</p> <p>Elles er Årdal skule/barnehage, Fister skule/barnehage og Hjelmeland skule/barnehage oppretthaldne utan utvidingsareal. Med dagens befolkningsprognose ser ein ikkje bruk for nytt areal til desse funksjonar; men nytta eksisterande areal/bygg på meir effektiv måte. Andre eksisterande off/private aktivitets- og forsamlingshus er vidareført som før.</p> <p>Einaste endring ift tenesteyting er Sanitas i Årdal, som pr i dag er reiselivsområdet; dette er i nytt forslag endra til kombinasjonsformål privat tenesteyting/reisliv; dvs at ein òg her opnar for ein litt meir fleksibel arealbruk</p> <p>Samla vurderast summen av tenesteyting å ha akseptabel verknad på miljø (inkl. vannmiljø), samfunn og naturmangfald.</p>
<p>Fritids og turistformål (reiseliv)</p>	<p>I løpet av dei siste 5-10 åra er fleire reiselivsområde for utleiehytter endra frå «fritids/turistformål» til vanlege hytter. Dette er gjort som enkeltsaker/planendringar frå den enkelte grunneigar, og ikkje som eit strategisk grep frå kommunen si side. Dette gjeld spreidd om i kommunen, og dermed er næringareal av denne typen «tappa». Samstundes er reiseliv vedtatt som satsingsfelt i kommunen. Det må er då fortinnsvis leggjast til rette for andre typer område enn berre utleiehytter tilknytt gardsbruk.</p> <p>Det er 6 reiselivs inne i planforslaget, derav kun eitt nytt RL7 Nordskår (camping) og eitt utvida RL6 Øyehabn (vertshus/overnatting/aktivitetar) ift gjeldande plan. Det er òg lagt inn eit område på Fister som LNF spreidd næringsverksemd; med moglegheit for etablering av oppstillingsplass for bubilar. Det har vore relativt lite interesse for å etablere reiselivsverksemd på definerte areal; jf kommuneplanen i førre planperiode. Det er heller ikkje kome så mange innspel om det. Ein foreslår å ta ut to reiselivsområde frå</p>

	<p>gjeldande plan pga rasfare.</p> <p>Samla vurderast summen av fritids- og turistformål å ha akseptabel verknad på miljø, samfunn og naturmangfald.</p>
Råstoffutvinning	<p>Sandindustrien er ei viktig og tradisjonsrik næring i Hjelmeland. Sand er ein ikkje-fornybar ressurs, som det etter kvart er mangel på. Det har kome 9 innspel om nye sanduttaksområde i Årdal og Jøsenfjorden. Totalt sett dreier det seg om 785 daa fordelt på 4 område i Jøsenfjorden og 5 område i Årdal. Det er gjort grove konsekvensutgreiingar av alle desse innspela; og ein del av uttaksområda er konfliktfylte ift andre interesser. For desse områda vil det vera naudsynt å gjera grundigare konsekvensutgreiingar i samband med detaljregulering. Blant anna må ein gjera nærare vurderingar av konsekvens i forhold til grunnvatn og ift. avrenning av finstoff til vatn og vassdrag.</p> <p>Trass i konfliktnivå, har kommunestyret likevel vald å prioritere næringsomsynet, og planforslaget inneheld 3 lokalitetar i Jøsenfjorden (totalt 178 daa) og 4 nye lokalitetar i Årdal (totalt 540 daa). Nokre av lokalitetane er i konflikt med eksisterande busetnad, bumiljø og eksisterande landbruksdrift, og/eller kulturminneomsyn. Dette er eit medvite val; og konsekvensane kan reduserast anten ved å endre på avgrensingane, redusere lokalitetane eller ta dei heilt ut. Samla sett vurderast summen av råstoffutvinning å ha negativ verknad på miljø/samfunn/landskap/kulturminne for deler av desse bygdemiljøa, men akseptabelt ut frå omsyn til naturmangfald. Det blir sett vilkår om krav om KU før regulering.</p>
Næringsverksemd (industri)	<p>Planforslaget har i alt 17 framtidige industriområde; derav 13 er vidareført frå gjeldande plan. Planforslaget inneheld 4 nye næringsområde, der 3 er utviding av eksisterande industriområde og 1 er utviding av Årdalstunet forretningsområde (kombinert formål). Næringsutvikling er eit viktig satsingsfelt jf kommuneplanen, og andre omsyn har til ei viss grad vike ift næringsomsyn. Dette gjeld td ift 14 daa fulldyrka mark Årdalstunet. Totalt sett er det gitt rom for ca 75 daa nytt nærings/industriareal, i tillegg til det ein har inne i gjeldande plan og som er regulert. Det er allereie ved behandling av planforslaga påpeika frå næringslivshald at ein bør avsetje langt større areal enn planforslaget inneheld; dette for å kunne vere rusta til å ta imot arealkrevjande næring – som kan vere eitt av distriktskommunane sitt fortrinn ift ønsket om auka folkevekst og jobbskaping (jf hovudmål nr 1 i samfunnsdelen). Sjølv om enkeltvise nye industriområde medfører konflikt ift andre interesser, vil ein samla sett vurdere at summen av næringsområde totalt sett er akseptabelt, både ut frå miljø (inkl. vannmiljø), samfunn og omsyn til naturmangfald.</p>
Kombinert bebyggelse	<p>Det er kun eitt område for kombinert bebyggelse i planforslaget, og det er Sanitas i Årdal, som pr i dag er reiselivsområdet; dette er i nytt forslag endra til kombinasjonsformål privat tenesteyting/reisliv; dvs at ein òg her opnar for ein litt meir fleksibel arealbruk. Dette medfører ingen bygningsmessige endringar, men meir fleksibel arealbruk. Samla sett vurderer dette som akseptabelt både ut frå miljø- og samfunn og omsyn til naturmangfald.</p>
Idrettsanlegg	<p>Det er ikkje innarbeidd nye idrettsanlegg i denne planrevisjon, men eksisterande anlegg blir vidareført. Eit tidlegare planlagd idrettsanlegg frå 2011-planen; aktivitetspark Viganeset er tatt ut og endra til industri. Samla</p>

	vurderast summen av idrettsanlegg å ha akseptabel verknad på miljø, samfunn og naturmangfald.
Naust/brygger/småbåthamner	I planforslaget ligg det inne 17 område for naust/brygger/småbåthamner, derav kun 2 nye. Desse områda er primært kopla til utbyggingsområde på land; dvs det er kopling mot anten hyttefelt, bustadfelt og el anna. Dei to nye er knytt til fortetting av hytter på Nordskår og til nytt bustadfelt Fister. Det er stort sett krav om felles reguleringsplan for både utbyggingsområde og småbåthamn, og på den måten kan ein sikre rekkefølgekrav ift utbygginga. Denne koplinga har dei siste åra fungert ganske godt; og slik kan ein sikre at td hyttebyggjarar er sikra båtplass ved utbygging av feltet. Samla sett vurderast summen av naust/brygger/småbåthamner å ha akseptabel verknad på miljø/samfunn og naturmangfald.
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Det er ikkje lagt inn nye vegar i planforslaget utover det som alt ligg inne i gjeldande plan. Nye trafostasjonar samt regionale høgspenst-trasear for kraftoverføring er under planlegging av LyseNett, men dette er tiltak som er unntatt frå plan- og bygningslova. Vil bli utgreidd ved konsesjonsbehandling jf energilova.
Farleder	Ingen endringar.
Landbruk, Natur og Friluftsmål LNF	<p>Planforslaget inneheld ikkje nye områder for LNF-spreidd bustadbygging; dette er vidareført omtrent som før med enkelte tilpassingar i retningslinjene. I LNF-spreidd hyttebygging er det lagt inn 3 nye område med totalt rom for 3 nye hytter; men det er jf forvaltningsplanen SVR Vormedalsheia (og såleis ikkje noko reellt nytt).</p> <p>Det blir ei stor reduksjon i daa LNF ettersom store LNFområde blir endra til noko anna; det gjeld i hovudsak dei 7 nye råstoffutvinningsområde: berre det formålet er på ca 900 daa, og vil såleis legge restriksjonar på desse areala td ift landbruksdrift. Når det gjeld sanduttak; så er det ofte at desse etter endt uttak blir tilbakeført til landbruk; men dette legg ein juridiske føringar på først i detaljreguleringsfasen.</p> <p>Ei anna stor endring i LNF, er endring i føresegn §25, som nå gir rom for auka storleik på eksisterande hytter i LNF, frå 90 m2 til 130 m2 BYA. Dette gjeld mange hundre hytter fordelt rundt i heile kommunen frå sjø til høghei; dvs eldre hytter i uregulerte område som ligg spreidd rundt om i kommunen. Det er ikkje gjort nokon differensiering på storleik; td ut frå beliggenheit eller eksponering eller høgde over havet el.a. Det betyr at storleiksregelen gjeld for alle hytter uansett beliggenheit. Ettersom dette gjeld så mange hytter, vil konsekvensen på landskap og miljø bli relativt synleg, og kan skape konflikt. Men ettersom desse hyttene stort sett ligg spreidd med stor avstand mellom; kan ein kanskje vurdere at den <u>samla</u> verknaden er akseptabel.</p>
Akvakultur	Havbruksnæringen er ei viktig næring i Hjelmeland, og i planforslaget er det 24 akvakulturanlegg i sjø, derav 6 nye. 2 av dei nye er rein utviding av eksisterande anlegg, medan 4 er nye. Dei 4 nye blei konsekvensutgreidd til ordinær høyring, men denne var mangelfull, og kommunen har utarbeidd ei supplerande KU/ROS for akvakulturområda. På grunnlag av supplerande ROS blei det gjort nokre justeringar, og den eine nye lokaliteten ved Helgøy er

	<p>tatt ut av forslaget. Den delen av anlegga som ligg på sjøoverflata blir vist som akvakulturformål i plan, medan fortøyningsanlegg blir vist som kombinert føremål. Dette medfører at andre interesser blir betre ivaretatt. Akvakulturanlegg kan medføra nokre negative konsekvensar blant anna i forhold til friluftsliv på sjø, buforhold i nærliggjande landområde og fiskeri. Dei kan også ha konsekvens i forhold til vannmiljø, både ift utslepp av næringsstoff til sjø og ift luseproblematikk og forholdet til vill laks og sjøaure. Dei fleste anlegga ligg i sjøområde som har god vanntilstand og vil kunna tåla ein auke. Plassering av anlegga ift. nærleiken til anadrome vassdrag og utvandringsløypa til vill smolt er viktige omsyn å ta.</p>

5.3.2. Vurdering etter tema

Miljø	
Naturmangfald	<p>Dei viktigaste naturområda i Hjelmeland er lagt inn som omsynssoner natur eller er bandlagd etter anna lovverk. Det er ikkje lagt inn nye utbyggingsområde i konflikt med desse; eller andre kjende/kartlagd viktige naturområde. Samla vurderast planforslaget å ha akseptabel verknad på naturmiljø.</p>
Vannmiljø	<p>Dei fleste vassførekomstane i Hjelmeland har God eller Svært god økologisk tilstand. Den største påverkaren totalt sett er vasskraftutbygging, men dette gjeld i stor grad i fjellområda og langt frå planlagde byggeområde. Likevel er det nokre vassførekomstar med middels eller dårleg tilstand også i dei lågareliggjande områda. Planlagd utbygging må difor skje på ein slik måte at vasstilstand ikkje blir endra i negativ retning. Indre Årdalsfjord har Svært dårleg økologisk vasstilstand og bør ikkje tilførast nye større utslepp. Kommunen føreset at nye område for råstoffutvinning og nye industriområde i Årdal blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk, og at drift og utbygging av desse områda difor ikkje skal ha negative konsekvensar for den økologiske tilstanden i fjorden.</p> <p>Råstoffutvinningsområda i nedre del av Årdal ligg over ein stor grunnvassførekomst, og konsekvens av uttak ift. grunnvatn må vera eit tema i KU som må føreliggja før regulering av området. Akvakultur vil også kunna påverka vassmiljø. Dei fleste eksisterande og nye akvakulturområda ligg i sjøområde med god økologisk tilstand, og som truleg vil tåla ein auke i oppdrettsnæringa. Utvandrande laks frå elvane og sjøaure i kystområda vil vera sårbare dersom det blir store konsentrasjonar av lakselus. Plassering av nye oppdrettsanlegg for laks i utvandringssløypa for vill smolt kan difor vera uheldig, og er viktigaste orsak til at forslag om nytt område ved Helgøy ikkje blir tatt med i planen.</p> <p>Samla vurderast planforslaget å ha akseptabel verknad på naturmiljø.</p>
Landskap	<p>I dei fleste nye utbyggingsområda vil utbygging medføre mindre konsekvensar for landskapsbildet, då det allereie finst bebyggelse i og i nærleiken av nye utbyggingsområde.</p> <p>Det formål som får mest negativ konsekvens for landskap er dei 7 nye råstoffutvinningsområda; både pga storleik/omfang, arealavgrensingane og beliggenheit i bygdemiljøet. Landskapets karakter vil bli mykje endra i alle desse tilfella, då uttaka fleire stader er foreslått med djupner ned i 20-30 m.</p> <p>Elles legg ikkje planen opp til mange/store nye utbyggingsområde i urørt terreng.</p>

Jordvern og landbruk	<p>I dei fleste nye utbyggingsområda vil utbygging medføre mindre konsekvensar for jordvern, då det stort sett er lagt utanom fulldyrka jord. Det er visse unntak for dette, men då er det gjort merksam på dette i KU/ROS, Dok D. Dei store råstoffutvinningsområda vil òg ha stor konsekvens på landbruk: under uttak vil det vere vanskeleg å drive jorda som før og det legg restriksjonar ift reint landbruksmessige utviklingsmoglegheiter på gardsbruket. Etter uttak vil arronderinga bli annleis; i enkelte tilhøve vil det bli forbetring ift landbruk, då areala stort sett skal tilbakeførast til landbruk og påførast matjord. I andre høve kan det bli varige ulemper td ift høgdeskilnader, uutnytta randsoner, endra kjøre/transport-mønster, uutnytta randsoner mm. Dei endelege konsekvensane av dette kan ein først få oversikt over ved konsekvensutgreiing ift med detaljplanlegging, og gjennom sjølve detaljreguleringa.</p>
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Hjelmeland kommune vedtok eigen kulturminneplan i 2017, og denne nyleg vedtekne plan er prøvd innarbeidd i kommuneplanen.</p> <p>I dei fleste nye utbyggingsområde vil utbygging medføre akseptable konsekvensar for kulturminne/kulturmiljø, men det finst unntak der konsekvensane for kulturmiljø er til dels svært negative. Det gjeld td fleire av masseuttaksområda; der kulturminne både blir direkte berørt og indirekte berørt – og såleis er konsekvensane if kulturverdiar til dels svært negativ. Det same gjeld ift kulturlandskapet; som blir endra.</p> <p>Eitt av bustadfelt; B11 Borjå, Årdal vil òg påverke kulturminneverdiar negativt pga kort avstand til Årdal gamle Kyrkje. Konfliktnivået her er skildra i KU/ROS.</p>
Geologiske ressursar	<p>Forslag til nye masseuttaksområde er venteleg lagt der det er kartlagd lausmasseressursar; og desse vil då bli tappa om uttaka blir realisert. I Jøsenfjorden tilseier regionalplanen at uttak på Hauge er konfliktfylt og dermed ikkje tilrådelig; men regionalplanen gir føringar for at ressursen likevel skal «sikrast» slik at den ikkje blir nedbygd. Her har kommunen vald anna strategi; men på delar av området på Hauge er moglegheiten for spreidd bustabygging tatt ut; då for å unngå nedbygging av den del av ressursen. Noko tilsvarande er ikkje gjort i Årdal, verken i regionalplanen eller i kommuneplanen; td ligg forslag til nytt bustadfelt R12 Mele på ein kartlagd grusmasseressurs.</p> <p>Ellers vurderast planforslaget samla å ha akseptabel verknad ift geologiske ressursar.</p> <p>Det er innspel om masseuttak som er den mest omfattande arealbruksendringa i planforslaget; og behovet frå næringa har vist seg å vere større nå enn ved førre revisjon. Dette var ein situasjon kommunen ikkje var heilt førebudd på; ved neste kommuneplan-revisjon bør kanskje grusressurs-reservene bli eit litt meir omfattande tema allereie i planprogram-fasen; for ein bør nok gjere ein nærare/overordna totalgjennomgang av situasjonen for</p>

	næringa kontra gjenværande ressursområde. Regionalplanen er heller ikkje eit komplett styringsdokument i så måte.
Forureining og støy	Samla vurderast planforslaget å ha akseptabel verknad ift forureining og støy. Råstoffutvinning i nærleik av aktive bumiljø kan skape negative ulemper ift forureining og støy; td gjennom auka massetransport . Dette med støvflukt er òg ei kjend utfordring ift lausmasseuttak; spesielt i så opne/vindharde bygder som Årdal og Jøsenfjorden. Dette bør vere tema ift vidare konsekvensutgreiing og detaljplanlegging.
Samfunn	
Friluftsliv og rekreasjon	<p>Hjelmeland er elles ein rik friluftskommune, med eit rikt nettverk av turløyper av både nasjonal og lokal verdi. Det er 7 turistforeningshytter i kommunen med tilhøyrande nettverk, og dei fleste bygder har tilrettelagde lokale turstiløyper. Det er ikkje lagt ut utbyggingsområde i konflikt med viktige friluftsområde; og samla vurderast planforslaget å ha akseptabel verknad ift friluftsliv.</p> <p>Det kan elles vere aktuelt å rekne sentrale deler av bygdene som òg viktige for rekreasjon/friluftsliv- då «nær-friluftslivet» er av stor verdi: sett i det perspektiv vil råstoffutvinningsområda i Jøsenfjorden og Årdal ha negativ konskvens ift «nær-turen».</p> <p>Det er lagt inn ein ny turveg/skiløype mellom Måmyra i Årdal og Bjødnabu i Hjelmeland. Dette vurderast som eit tiltak som styrker friluftslivet; dette blir ein kopling mellom to område i to bygder, som begge blir mykje brukt til friluftsliv og trening. På Bjødnabu er det tilrettelagd særslilt for friluftsliv: lysløypetrasè, gapahuk, toalett, parkeringsplass og skihytte – og området er òg utgangspunkt for merka turstiløyper. Det passer då bra å tilrettelegge for ny/utvida tilrettelegging for friluftsliv.</p>
Tilgjengelighet til uteområde	Foreslåtte utbyggingsområde har ulik grad av tilgjengelegheit. I område med krav om reguleringsplan blir dette ivatetatt i detaljplanlegginga. Samla vurderast planforslaget å ha akseptabel verknad ift dette tema.
Transportbehov	Transportbehov er ei utfordring i ein så stor og grisgrendt kommune som Hjelmeland, og der det er eit overordna mål å oppretthalde aktive bumiljø i alle grender. Det medfører at transportbehovet blir oppretthalde; td: ein ønskjer ikkje å sentralisere all bustadbygging til eitt sentrumsområde, då ein ønskjer levande bumiljø i alle eksisterande grender i kommunen. Ein kan likevel ikkje sjå at planforslaget legg opp til <u>auka/nye</u> behov for transportbehov ut over det ein alt har i dag. Så lenge det er eit overordna mål for kommunen å ha eit aktivt desentralisert bumønster i alle grender, vil kommunen akseptere det transportbehovet dette medfører. Det er elles viktig at ein i samfunnsdelen til planen påpeiker viktigheita av oppretthalde og styrkje kollektivsatsing i samband med Ryfast. Dette gjeld td auka frekvens på busstilbod og ferjeavgangar. Auka nett/fiberutbygging er òg eit viktig «mottrekk» ift å få ned transportbehovet; dvs det å ha godt utbygd infrastruktur er viktig for å kunne skape

	arbeidsplasser der folk bur – noko som kan avdempe transportbehovet.
Trafikktryggleik	Nokre byggeområde vil ha middels negativ konsekvens på trafikktryggleik, fordi det ikkje er etablert g/s-veg. Nokre stader er det lagt inn rekkefølgjekrav ift g/s-veg ved utbygging av bustadfelt; td Solstrand Fister; eit bustadfelt som ligg inntil fylkesvegen som manglar g/s-felt. Trafikktryggleik er òg eit relevant tema ift tilrettelegging av nye store hyttefelt, som vil medføre auka transportbehov. Nytt planforslag legge ikkje opp til stor auke i hyttebygging ift før, at ein finn det akseptabelt. I planforslaget er g/s frå gjeldande 2011 oppretthaldne.
Helse	I KU/ROS til enkeltinnspel er folkehelse eit eige tema; og i det legg ein td òg trygt bumiljø. For fleire av råstoffutvinningsområdet vurderer ein negativ konsekvens ift folkehelse; spesielt i dei tilfella der uttaksområda kjem nær inntil aktive bu/skule/barnehage-miljø. Det er både forholdet til støy/støv/transport og auka «tung» aktivitet som utløyser dette. Samla sett vurderast likevel planforslaget å ha akseptabel verknad ift dette helse.
Universell utforming	Ulike byggeområde har ulike utfordringar ift universell utforming, m.a. basert på terrengtilhøve. I område med krav om reguleringsplan skal universell utforming ivaretas i detaljplanlegginga. Samla vurderast planforslaget å ha akseptabel verknad ift forureining og støy
Barn og unges oppvekstvilkår	Kommuneplanens føresegner skal ivareta leike- og opphaldsareal for barn og unge. Det er utført Barnetråkkregistrering; denne registreringa gir òg grunnlag for oppfølging på andre fagområde enn berre arealbruk, og er eit vekty kommunen sannsynlegvis vil nytte meir i framtida. Samla vurderast planforslaget å ha akseptabel verknad ift barn og unge.
Infrastruktur og kommunalt tenestetilbod	Dei fleste utbyggingsområde ligg i nærleiken av eksisterande bebyggelse, der det teknisk infrastruktur som straum og veg. Dette med vann og avløp kan i enkelte tilfeller vere meir utfordrande, Men planforslaget legg ikkje opp til nye byggeområde langt frå tekniske infrastruktur; og samla vurderast planforslaget å ha akseptabel verknad ift temaet. Det er elles lagt inn rekkefølgjekrav ift teknisk infrastruktur i § 7.
Naturfare	
Skred	Det er utarbeidd eige temakart skred, og dette skal følgjast opp òg jf NVE si rådgjeving ift ulike typer skred og bruk av omsynssoner og føresegner til desse. Det er ikkje lagt inn nye utbyggingsområde i skredutsette område, men nærare avklaring av all utbygging blir òg gjort gjennom ROS-analysene i detaljreguleringsnivå. Ein viser elles til bakgrunnsdokument til kommuneplanen dok E Heilskapleg ROS Hjelmeland kommune
Flaum	Det er utarbeidd eige temakart flaum, som òg inkluderar flaumanalyse Årdal, og ein følgjer opp NVE si rådgjeving kring tema med bruk av omsynssoner og føresegner til desse. Det er ikkje lagt inn nye utbyggingsområde i flaumutsette område, men nærare avklaring av all utbygging blir òg gjort gjennom ROS-analysene i detaljreguleringsnivå. Det kan vere noko usikkerheit ift endringar

	ift flaumsituasjon ift store masseuttaksområde spesielt i Årdal; men her er det sett krav om eigne konsekvensutgreiingar før detaljregulering; og ein vil avdekke tilhøva meir i detalj på det nivå Ein viser elles til bakgrunnsdokument til kommuneplanen dok E Heilskapleg ROS Hjelmeland kommune
Havnivåstigning, springflo, stormflo	I gjeldande kommuneplan er det føresegn om minimum kotehøgde over middels havnivå 2,3 moh – det er vedtatt å vidareføre denne føresegna som då gjeld for bustader og fritidsbustader. Om dette tar fullt ut høgde for havnivåstigning, springflo og stormflo ift klimapåslag – spesielt i kombinasjon - er noko usikkert.
Ekstrem nedbør	Ein har gjennom konsekvensutgreiing av nye utbyggingsområde ikkje avdekkat at desse er meir utsett for ekstrem nedbør. Men føresegna § 4 ift risikoomsyn er skjerpa ift overvannshandtering; så det er eit tema ein på detaljreguleringsplannivå skal ha auka fokus på; nettopp pga generell ekstremregnsituasjon.
Sterk vind/storm/orkan	Ein har gjennom konsekvensutgreiing av nye utbyggingsområde ikkje avdekkat at desse er meir utsett for sterk vind. Når det gjeld store masseuttaksområde; kan desse få lokale konsekvensar ift vindforholda; td i Årdal som allereie er ei open vindutsett bygd – dersom ein her fjernar naturlege terrengformasjonar som td Lunden; vil dette òg kunne få lokalklimatiske konsekvensar; ikkje minst i forhold til vind. Noko liknande vil ein venteleg å få ift lokalitetaten Hauge i Jøsenfjorden, som òg er eit ope/vindutsett område. Store endringar i landskapet som slike masseuttak gir, vil dermed få konsekvensar for eksisterande busetnad.
Radon	Kommuneplanen har krav om radonsikring/forebygging i nye bustader /fritidsbustader. Samla vurderast planforslaget å ha akseptabel verknad ift dette tema
Menneske-og verksemdskapte farar	
Nærleik til drikkevatn	Ingen av dei nye foreslegne utbyggingsområda ligg i nærleik av drikkevannskjelder eller i nedslagsfelt til drikkevatn.
Nærleik til høgspenn	I kommuneplanen er overføringsnett på sentral og regionalnivå lagt inn i plankartet som omsynssoner. Her er det ikkje tillate med utbygging. Ingen av dei nye utbyggingsområda ligg i slike fareområde. Samla vurderast planforslaget å ha akseptabel verknad ift dette tema. Parallellt med kommuneplanrevisjonen har LYSE nett varsla forsterking og omlegging av regionalnettet og oppgradering av to trafostasjonar. Dette er tiltak som er unnateke plan-og bygningslovgjevning, men vil bli konsesjonsbehandla jf energilova.
Industrianlegg oa m/fare for brann, eksplosjon, stråling og el forureining	Ingen av dei nye foreslegne utbyggingsområda ligg i nærleik av slike anlegg . Samla vurderast planforslaget å ha akseptabel verknad ift dette tema.
Nærleik til transportårer (ulykker, farleg gods mm)	Ingen av dei nye foreslegne utbyggingsområda ligg nær ulykkesbelasta vegar . Samla vurderast planforslaget å ha akseptabel verknad ift dette tema
Nærleik til strategiske/sårbare objekt	Ingen av dei nye foreslegne utbyggingsområda ligg nær strategiske/sårbare objekt. Samla vurderast planforslaget å ha akseptabel verknad ift dette tema

5.3.4 Oppsummering – planens verknad for miljø og samfunn.

Hjelmeland kommune utarbeider nå ein oppdatert arealdel, som blir eit enda betre styringsverktøy for arealbruken. Det er utarbeidd KU/ROS for alle nye enkeltområde/formål, og det er òg gjort ein gjennomgang av eldre utbyggingsområde som er vidareført i planen. Det er òg gjort ein overordna ROS (dok E) og ein gjennomgang av konsekvensar ift formål og tema.

Endringane som totalt sett er foreslått byggjer på kommunestyret sine føringar, og dei vedtekne hovudmål i samfunnsdelen. Arealbruken som er foreslått vurderast til å vere med å styrke Hjelmeland kommune som ein attraktiv kommune å busetje seg i, med eit spreidd geografisk bumønster i alle grender. Det er lagt vekt på fortsatt vekst for næringslivet i kommunen både på sjø og land, og planen gir rom for betydeleg auka folkevekst – som er hovudmål nr 1 for Hjelmeland.

Den største endringa i arealdelen går på tema råstoffutvinning; der planen legg opp til uttak av ca 720 daa sandressurs. Det er denne endringa som skaper mest usikkerheit ift konsekvensar; og ein føreset at det her må gjerast meir omfattande konsekvensutgreiing jf forskrift om konsekvensutgreiingar, 2017. Det er kun bygdene Årdal og Jøsenfjorden som blir berørt av desse uttaka.

Med unntak av den usikkerheit som er knytt til nærare utgreiingar for råstoffutvinning, vurderer ein samla sett at planforslaget er akseptabel ift konsekvensar både for både miljø og samfunn.

6 Tilleggsdokumenta (Dokument D1 og D2)

Dokument D1 er vurdering og tilråding for innspel som er komne i samband med innspelsprosessen etter at planprogrammet vart vedteke i juni i år. For innspel til arealdelen har ein også med KU/ROS for det enkelte innspelet. På grunn av storleik på dokument er D1 delt i to.

Dokument D2 er supplerings av KU/Ros gjort i samband med førre planrevisjon, det vil seia eit supplement i forhold til tiltak som allereie låg inne i planen.

7 Bakgrunnsdokumenta (resten)

E Dok E er heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse for kommunen. Dokumentet er frå 2016 og er henta frå kommunen sitt beredskapsplanverk.

F Alle innspel innkomne til varsel om oppstart 2017
Dette er eit oversyn over alle innspel inkludert notat frå grendemøta hausten 2017.

G Barnetråkkundersøking
Barnetråkkundersøking er gjennomført ved skulane på Hjelmeland (6 og 8 klassetrinn), Fister og Årdal. Det er utarbeidd ein eigen rapport om gjennomføringa, som gir oss god informasjon om nærrområda sett frå borna sin synsstad.

H Ungdomsundersøking (messengerundersøking 40 ungdomar 16-26 år)
Det er gjennomført ei messengerundersøking med spørsmål vedkomande kommuneplantema til 40 unge i alderen 16-26 år. Vel halvparten svara. Svara er opp summerte i dette dokumentet.

I Frivilligrapport og frivilligstrategi
Det er samarbeidd med Frivillighet Norge om ei kartlegging av dei friviljuge laga i kommunen og deira interesser og ynskje i møte med andre. I kjølvatnet av dette har kommunestyret vedtatt ein Frivilligstrategi. 14.12.17, sak 78/17. Dokument I består såleis av to dokument: Frivilligstrategi for Hjelmeland, og rapport frå undersøkinga utarbeidd av Frivillighet Norge.

J Kommunedelplan RV13 Tysdal – Årdal
I 2017 vart kommunedelplan for framføring av RV13 i tunnel frå Tysdal til Svadberg i Årdal, og vidare til dagens RV13, godkjent av Departementet. Av praktiske årsaker vert denne vidareført som eigen plan.

K Plan for kulturminne/kulturarv
I juni 2017 godkjente kommunestyret ny temaplan for kulturminne/kulturarv. Denne har gjenklang inn i kommuneplanarbeidet, både samfunnsdel og arealdel

L Sentrumsstatus Hjelmeland (Vågen 360, Urban Leva Design)
Me er ein av Rogaland fylke sine sentrumspilotar, og kommunen har arbeidd sidan våren 2017 med sentrumsprosjekt. Det er kjørt involveringsprosessar og gjort eit omfattande arbeid for å kartleggja/analysera kommunesenteret. Vidare sentrumsanalyse skal skje vinter 2018 i form av eit parallellprosjekt mellom tre arkitektkontor. Dokument L er eit analysedokument utarbeidd av Leva

Urban Design tidleg haust 2017.

M Friluftskartlegging

Det er i samarbeid med Rogaland fylkeskommunen gjennomført ei kartlegging og verdsetting av område brukt til friluftsliv. Kartlegginga kjem som ein følge av statleg handlingsplan for friluftsliv. Kartlegginga er ikkje fullstendig. Det har vore ei meir omfattande gjennomgang av tettstadane enn i av grendene.

N Folkehelsekartlegginga frå 2015

I forkant av arbeidet med kommunal planstrategi er det utarbeidd eit oversyn over folkehelsa. Dette dokumentet er frå 2015. Oversiktsdokumentet skal fornyast kvart 4.år.

O Utkast til ladestruktur for Sør-Rogaland

Lyse har vore sekretariat for utarbeiding av Strategi for etablering av ladeinfrastruktur i Sør-Rogaland. Dette dokumentet var klart november 2017 og gir nyttige innspel om korleis ein systematisk må jobba for å få på plass ein meir utsleppsfri bilpark.

P Klimarapport for Hjelmeland 2010

Rapporten vart utarbeidd av Norges Vel i samband med sist kommuneplanrevisjon. Rapporten gir eit bilde av klimasituasjonen i Hjelmeland. Innhaldet er ikkje mindre aktuelt no.

Q Næringslivsundersøking våren 2017

I samband med dialogmøter med næringslivet våren 2017, vart det utført ein enkel questbackundersøking. Her er oppsummering av resultatata frå denne.

R Befolkningsutvikling og kjøpekraft i Hjelmeland

I samband med sentrumsprosjektet i Hjelmeland har Rogaland fylkeskommunen samla og tilarbeidd statistikk for Hjelmeland. Dette er samla her.

8 Logg for medverknadsprosessen

Prosess og medvedverknad i samband med kommuneplanrevisjonen

2016	Kva:	Kven:	Kor:
2. februar	Besøk av professor og lokalpolitikar Jørgen Amdam <u>Tema:</u> Kommuneplan, forankring lokalsamfunn – politisk og administrativt, omdømmebygging og styringsreiskap. Debatt og drøftingar.	Politisk og rådmannen si utvida leiargruppe	Kommunehuset
Vår	Temamøter med politikarar	Politikarar og administrasjon	
25. mai	Debattsamling - kommuneplan <u>Tema:</u> Bumiljø, folkehelse, sentrumsutvikling, næringsutvikling, areal, busetnad. Gruppearbeid med fokus på styrkar, svakheiter, utfordringar og moglegheiter.	Kommunestyret og utvalseleiarar	Kommunehuset
22. juni	Politisk behandling av kommunal planstrategi (utlegging av høyringsutkast)	Kommunestyret	Kommunehuset
Juni-august	Kommunal planstrategi på høyring	Alle	
20. september	Vedtak av kommunal planstrategi	Kommunestyret	Kommunehuset
Oktober-november	Oppstart prosjekt vedkomande. frivilligpolitikk	Ordførar og administrasjon	
2. november	Orientering kring kommuneplanprosessen	Rådmannen si utvida leiargruppe	Kommunehuset
7. desember	Felles bygdarådsmøte Orientering om kommuneplanprosessen	Ordførar, administrasjon og representantar frå alle 7 bygdaråd	Kommunehuset

2017	Kva:	Kven:	Kor:
10. januar	Folkemøte om kommunereform	Alle <i>Arr.: Ordførar/administrasjon</i>	Samfunnshuset
21. februar	Orientering om planprogram	Rådmannen si utvida leiargruppe	Kommunehuset
21. februar	Besøk av Distriktssenteret v/Anne Irene Myhr	Rådmannen si utvida leiargruppe på dagtid og formannskapet på ettermiddag.	Kommunehuset

	<u>Tema:</u> Samspel med frivilligheita og bygdaråda.	<i>Arr.:</i> Frivilligsentral/administrasjon	
22. februar	Politisk behandling av planprogram (utlegging av høyringsutkast)	Kommunestyret	Kommunehuset
22. februar	Besøk frå LEVA URBAN DESIGN v/Aslaug Tveit og Catrine Dam Henriksen <u>Tema:</u> Sentrumsutviklingsprosjektet Vågen 360	Styringsgruppa og kommunestyret	Kommunehuset
23. februar	Årsmøte Jøsneset Bygdaråd Ordførar orienterte litt om planprogrammet og deltok i drøftinga om utvikling av Jøsnesbygda.	Alle <i>Arr.: Jøsneset Bygdaråd</i>	
Mars-april	Planprogram på høyring	Alle	
Mars	Oppstart sentrumsutviklingsprosjekt	Politikarar, administrasjon og næringsliv	
Mars	Oppstart klimaskogarbeid	Administrasjon	
6. mars	Ope landbruksmøte <u>Tema:</u> Innlegg om nasjonal landbrukspolitik - men òg om og frå lokale bønder med frukt- og mjølkeproduksjon, samt om klimaskog-prosjektet. Orientering om planprogram.	Alle	Samfunnshuset
7. mars	Ope møte med Hjelmeland Handels- og serviceforening <u>Tema:</u> «La pengane bli i bygda» - Handle lokalt. Innlegg om planprogram.	Alle <i>Arr.: HHSF</i>	Spa hotell Velvære
8. mars	Årsmøte Fister Bygdaråd Ordførar orienterte litt om planprogram og deltok i drøftinga om utvikling av Fister-bygda.	Alle <i>Arr.: Fister Bygdaråd</i>	Fister Skule
15. mars	Besøk frå Frivillighet Norge v/Lise Corwin <u>Tema:</u> Korleis skal frivilligheiten, kommunen og næringslivet samarbeide?	Ordførar/politikarar, administrasjon og frivillige lag og organisasjonar	Spinneriet
22. mars	Møte med Jøsneset Bygdaråd <u>Tema:</u> Vidareutvikling av forlate kommunale lokale	Ordførar og innbyggjarar <i>Arr.: Jøsneset Bygdaråd</i>	Trivselstova Jøsneset

23. mars	Regionalt planforum, Stavanger Arealplanleggjar og rådgjevar landbruk hadde kort presentasjon av planprogrammet for Hjelmeland kommune, og fekk gode attendemeldingar.	Ordførar, administrasjon, Rogaland Fylkeskommune, andre regionale myndigheiter	Stavanger
23. mars	Årsmøte Fister Sanitetsforening SLT- og folkehelsekoordinator orienterte om folkehelsearbeidet og kommuneplan.	Alle <i>Arr.: Fister Sanitetsforening</i>	Fister Bedehus
19. april	Årsmøte i Hjelmeland Handels- og serviceforening Næringslivsseminar	Alle <i>Arr.: HHSF</i>	Spa hotell Velvære
20. april	Årsmøte Randøy Vel Plan- og forvaltningsleiar orienterte.	Alle <i>Arr. Randøy Vel</i>	Randøy skule
24. april	Facebook-video: «Kuppet» - sentrumsprosjektet	Administrasjon og LEVA URBAN DESIGN	Facebook
26. april	Næringslivsseminar v/Espen Thompson INOSA (prosessleiar) <u>Tema:</u> Næringslivssatsing på eit breiare felt (sand og grus, reiseliv, landbruk, havbruk og anna næring)	Politikarar, administrasjon, næringsliv <i>Arr.: Kommunen, HHSF og Næringsforeningen for Stavangerregionen</i>	Spa hotell Velvære
2. mai	Telefonmøte m/LEVA URBAN DESIGN vedkomande sentrumsprosjektet og innspeling av episode 2 av Facebook-videoane	Administrasjon og URBAN LEVA DESIGN	Vågahuset
3. mai	Kontaktmøte med Lyse Elnett <u>Tema:</u> Kommuneplan	Ordførar, administrasjon og representant frå Lyse Elnett.	Spinneriet
3. mai	Kontaktmøte med Norstone <u>Tema:</u> Kommuneplan	Ordførar, administrasjon og representant frå Norstone	Kommunehuset
3. mai	Temamøte om prosjektet «Nytt blikk» - heiltidskultur	Politikarar og kommunalt tilsette	Kommunehuset
4. mai	Kontaktmøte med Hjelmeland Idrettslag <u>Tema:</u> Kommuneplan og plan for anlegg og idrett	Administrasjon og representant frå Hjelmeland Idrettslag	Kommunehuset
4. mai	Beredskapstilsyn frå Fylkesmannen <u>Tema:</u> Mellom anna kommuneplanrevisjon	Administrasjon og representant frå fylkesmannen	
7. mai	Gjennomføring av Barnetråkk	6. klasse	Hjelmeland barneskule

9. mai	«Kuppet» av kommunehuset, i regi av LEVA URBAN DESIGN	Alle	Kommunehuset
31. mai	Temamøte om planprogram	Kommunestyret	Kommunehuset
21. juni	Vedtak av planprogram og invitasjon til innspel, med frist 21.09.17.	Kommunestyret	Kommunehuset
Juni - juli	Kunngjøring av planprogram	Alle	
24. august	Opning av «Det grønne rommet», sentrumsprosjektet	Alle	Kommunehuset
29. – 31. august	Klimaomstillingsseminar	Administrasjon	Lærdal/Sogndal
30. august	Omtale av «det grønne rom» og grendemøter		Strandbuen
2. september	Info om kommuneplan på Frukt og Laks-festival	Administrasjon	Vågen
4. september	Grendemøte Jøsneset <u>Tema:</u> Kommuneplan	Alle <i>Arr.: Kommunen i samarbeid med Jøsneset Bygdaråd</i>	Trivselsstova
4. september	Grendemøte Vormedal <u>Tema:</u> Kommuneplan	Alle <i>Arr.: Kommunen i samarbeid med Vormedal Bygdeutval</i>	Grendehuset i Vormedal
5. september	Grendemøte Årdal <u>Tema:</u> Kommuneplan	Alle <i>Arr.: Kommunen i samarbeid med Årdal Bygdaråd</i>	Årdal skule
6. september	Grendemøte Jøsenfjorden <u>Tema:</u> Kommuneplan	Alle <i>Arr.: Kommunen i samarbeid med Jøsenfjorden Bygdeutval</i>	Fjordahuset
7. september	Grendemøte Fister <u>Tema:</u> Kommuneplan	Alle <i>Arr.: Kommunen i samarbeid med Fister Bygdaråd</i>	Fister skule
7. september	Grendemøte Randøy <u>Tema:</u> Kommuneplan	Alle <i>Arr.: Kommunen i samarbeid med Randøy Vel</i>	Randøy skule
13. september	Reportasje om grendemøtet på Fister		Strandbuen
14. september	Grendemøte Hjelmeland <u>Tema:</u> Kommuneplan	Alle <i>Arr.: Kommunen</i>	Kommunehuset
19. september	Grendemøte Ombo <u>Tema:</u> Kommuneplan	Alle <i>Arr.: Kommunen i samarbeid med Ombo Bygdaråd</i>	Ombo skule, Eidssund
19. september	Gjennomføring av Barnetråkk	8. kl.	Hjelmeland ungdomsskule

22. september	Gruppearbeid i vaksenopplæringa <u>Tema:</u> Kommuneplan	Administrasjon og deltakarar frå vaksenopplæringa	Vågahuset
Oktober	«Messenger-undersøking» i aldersgruppa 16 – 16 år <u>Tema:</u> Kommuneplan - jobb og attraktivitet	40 jenter/gutar i alderen 16 – 26 år frå heile kommunen	Messenger
2. oktober	Gjennomføring av Barnetråkk	5.-7. kl.	Fister skule
4. oktober	Møte med frivillige lag/org. – gjennomgang av kartlegging v/Frivillighet Norge	Administrasjon og frivillige lag og organisasjonar	Spinneriet
18. – 19. oktober	Bylivskonferanse	Kommunar, RFK, Fylkesmannen, andre regionale aktørar.	Scandic Maritim Haugesund
18. oktober	Gjennomføring av Barnetråkk	7. kl.	Årdal skule
19. oktober	Gjennomføring av Barnetråkk	5. og 6. kl.	Årdal skule
25. oktober	Byregionsamling	Kommunar, RFK, Fylkesmannen, andre regionale aktørar.	Scandic Maritim Haugesund
26. oktober	Internt møte om kommuneplan m/reaktorane	Administrasjon	Kommunehuset
27. oktober	Internt møte om kommuneplan m/barnehagestyrarane	Administrasjon	Kommunehuset
30. oktober	Internt møte om kommuneplan m/bygg og anlegg	Administrasjon	Vågahuset
1. november	Kort statusrapport om kommuneplan	Formannskapet	Kommunehuset
1. november	Internt møte om kommuneplan m/leiarar innan helse og omsorg	Administrasjon	Helsehuset
20. november	Oppstartsmøte sentrumsanalyse	Ordførar, politikarar, administrasjon, næringsliv og arkitektar	Spa Hotell Velvære
21. november	Gjennomgang av plandokumenta	Formannskapet	Kommunehuset
22. november	Internt møte om kommuneplan m/sentraladministrasjon	Administrasjon	Kommunehuset
5. desember	Politisk behandling av kommuneplan	Formannskapet	Kommunehuset
6. desember	Felles bygdarådsmøte Orientering om kommuneplan	Ordførar, administrasjon og representant frå bygdaråd	Kommunehuset
7. desember	Kommuneplan	Areal og forvaltningsutvalet	Kommunehuset
14. desember	Politisk behandling av kommuneplan (utlegging av høyringsutkast)	Kommunestyret	Kommunehuset

2018	Kva:	Kven:	Kor:
	Folkemøte om kommuneplanen	Alle	